

ÅRSMELDING ETNE KOMMUNE 2023



Innholdsliste

1. Innleiing – kommunedirektøren sine vurderingar	4
2. Samfunn- og organisasjonsutvikling	6
2.1 Befolkningsutvikling	6
2.2 Folkehelse	7
2.3 Etikk og etterleving	7
2.4 Kjønnfordeling og likestilling	8
2.5 Risikostyring og internkontroll	8
3. Årsmelding frå Økonomisjef	10
3.1 Nøkkeltal	10
3.2 Driftsinntektene	14
3.3 Driftsutgiftene	14
3.4 Finanstransaksjonar	15
3.6 Kommentar til budsjettavvik	16
4. Administrasjon	17
4.1 Kvalitet og personal	17
4.2 Økonomi og lønn	17
4.3 IKT	17
4.4 Politisk organisering	18
4.2 Budsjett aksjonar	20
5. Oppvekst og kultur	22
5.1 Barnehage	25
5.2 Skule	27
5.3 Kultur	30
5.4 PPT	32
5.5 Barnevern	34
5.6 Budsjett aksjonar	37
6. Helse og Omsorg	40
6.1 Innleiing	40
6.2 Helse	40
6.2.1 Helsestasjon, skulehelseteneste og jordmortenesta	41
6.2.3 Psykisk helse og rustenesta	42
6.2.4 Psykososialt kriseteam	42
6.2.5 Ergo- og fysioterapitenesta	42
6.2.5 Frisklivstilbod	43
6.2.6 Fastlegeordninga	43
6.2.7 Interkommunal legevakt	43
6.2.8 ØHD	43
6.2.9 Miljøretta helsevern	44
6.2.10 Kommuneoverlege	44
6.2.11 Tenester for personar med funksjonshemming og miljøarbeidstenesta	44
6.3 Pleie og omsorg	44
6.3.1 Institusjon	45
6.3.2 Heimetenester og bemanna bu	46
6.3.3 Dagsenter for personar med demens	46
6.3.4 Velferdsteknologi og digitalisering	46
6.4 NAV Vindafjord-Etne	46
6.5 Budsjett aksjonar	49

7. Utvikling og Drift.....	52
7.1 Innleiing.....	52
7.2 Investering.....	52
7.3 Næring.....	53
7.4 Utvikling.....	53
7.5 Samferdsle.....	57
7.6 Bygg.....	58
7.7 Etne brann og redning.....	60
7.8 Budsjett aksjonar.....	62



1. Innleiing – kommunedirektøren sine vurderingar

Året 2023 har vore eit år prega av både utfordringar og framsteg for vår kommune. I mitt første år som kommunedirektør har eg hatt det privilegiet å leie og vitne engasjementet og dedikasjonen som kvar ein av oss har lagt ned for å fremje vekst og velvære i Etne. Denne årsmeldinga reflekterer ikkje berre dei målbare resultatane me har oppnådd, men også den kontinuerlege innsatsen me gjer for å forme ei betre framtid for alle som kallar Etne sitt heim.

Som ny i rolla som kommunedirektør, har eg sett det som ein prioritet å leggje fram strategiarbeidet på alle personalmøte i organisasjonen. Eg klarte ikkje å nå ut til alle einingane i 2023, men arbeidet vil bli fullført i 2024. Det har vore utruleg gjevande å bli kjent direkte med så mange som mogleg av dei tilsette, og å høyre om utfordringane og ønska deira i kvar eining.

2023 var eit år fylt av vekst og utvikling på mange frontar. Mitt mandat har vore å iverksette planar, visjonar og strategiar som kommunestyret har vedtatt. For å nå desse måla, har me prioritert arbeid på tre hovudområde: auka attraktivitet gjennom investeringar, gjennomføring av strategiarbeid basert på samfunnsplanen, og god økonomiforvaltning.

Me starta året med å utarbeide ein «profileringsstrategi», som oppdaterer måten me presenterer oss utad. Dette arbeidet vil fortsette i 2024 med ei ny velkomstpakke for nye innbyggjarar og ei endå meir målretta strategi for korleis me skal arbeide for å auke innflyttinga til Etne kommune. Investeringar i alle sektorar er avgjerande for å fornye oss og bli meir attraktive.

Eit sentralt fokusområde har vore strategi- og organisasjonsutvikling, der me har arbeida med å definere vår «kvifor» – vårt hovudmål som organisasjon:

«Me ser framover og er på lag for smarte løysingar, slik at me kan levere gode tenester til innbyggjarane våre.»

Alle sektorar og einingar har også arbeidd med å definere nye mål og oppgåver. Dette grunnarbeidet skal hjelpe oss i framtida til å spisse endå betre korleis me skal implementere samfunnsplanen, med hovudfokus på barn og unge, folkehelse og bu attraktivitet. Dette arbeidet vil fortsette i kommande budsjettprosessar, der einingsleiarane skal definere eigne mål og indikatorar for å måle korleis me oppnår våre mål.

Når det gjeld god økonomiforvaltning, er Etne kommune ein skattesvak kommune med store demografiske utfordringar, og budsjett disiplinen er utruleg viktig for å sikre best mogleg forvaltning av innbyggjarane sine pengar. Me har innført nye strategiar for internkontroll og risikostyring, samt implementert eit nytt verktøy for budsjett og rapportering i organisasjonen (Framsikt). Bruken av Framsikt skal hjelpe oss til å bli betre i budsjett- og rapporteringsarbeidet, men økonomikontroll må ha endå høgare prioritet framover.

Effektivisering av dagens drift er, og vil fortsetje å vere, ein hovudprioritet i åra som kjem. I 2023 hadde me rekordhøge kraftinntekter (21 mill. netto), men likevel berre 1 mill. i netto driftsresultat. Dette understrekar behovet for å ha eit kritisk blick på korleis me utfører oppgåvene våre og korleis me kan gjere dette på ein betre måte. I vår streben etter kontinuerleg forbetring, har me også lagt vekt på innovasjon og digitalisering, som har styrka vår evne til å yte effektive og tilgjengelege tenester til alle våre innbyggjarar.

Arbeidet har krevd mykje fokus og energi frå alle tilsette, leiarar og kommunalsjefar, men eg er utruleg stolt av å sjå kor dedikerte alle er til å vidareutvikle Etne samfunnet, samt ivareta dei verdiane som gjer oss unike. Me står framfor store endringar, men også store moglegheiter til å investere, forbetre og sikre framtida for Etne samfunnet.

Som me ser framover, er det med ein følelse av optimisme og forventning. Me bygger vidare på grunnlaget lagt i 2023, med eit vedvarande fokus på forbetring, utvikling, og å sikre at Etne kommune er best mogleg rusta for framtida. Eg vil takke kvar og ein for dykkar bidrag, hardt arbeid, og for det de gjer kvar dag for å gjere Etne kommune til ein betre stad for alle innbyggjarane.




Filippo Ballarin
Kommunedirektøren



2. Samfunn- og organisasjonsutvikling

2.1 Befolkningsutvikling

I 2023 var det eit relativt stabilt år i innbyggartal (-2).



Befolkning - aldersgrupper

Tabellen viser befolkning per 1. januar kvart år for dei ulike aldersgruppene

	2021	2022	2023	2024
0 - åringer	31	34	58	26
Barnehage (1-5 år)	247	225	213	225
Grunnskole (6-15 år)	502	510	518	522
Videregående (16-19 år)	213	217	198	182
Voksne (20-66 år)	2 283	2 273	2 271	2 288
Eldre (67-79 år)	524	537	553	559
Eldre (80-89 år)	182	184	198	206
Eldre (90 år og eldre)	71	63	64	64
Total	4 053	4 043	4 073	4 072

Frå 2022 til 2023 har Etne kommune opplevd ei interessant demografisk endring. Det er registrert ein nedgang på totalt 20 barn i aldersgruppa 0-5 år. Dette kan ha ulike årsaker, som til dømes lågare fødselstal eller flytting. På den andre sida ser vi ein svak oppgang i barn i skulealder, med ein auke på 4 barn. Dette indikerer ein viss stabilitet eller til og med ein potensiell vekst i den yngre befolkninga som går på skule.

Vidare viser talla for 2023 at gruppa over 67 år også aukar. Dette er i tråd med den nasjonale trenden der befolkninga eldast på grunn av høgare levealder og tidlegare høge fødselstal blant dagens eldre. Ein auke i denne aldersgruppa kan ha vesentlege konsekvensar for kommunen si planlegging av helse- og omsorgstenester, samt tilrettelegging for aktiv aldring.

Sjølv om innbyggjartalet ser ut til å vere ganske stabilt, begynner endringane i aldersgruppene å bli meir merkbare. Dette kan påverke ei rekkje område i kommunen sin planlegging og tenestetilbod, frå utdanning og barnehagetilbod til helsetenester og tilrettelegging for eldre. Det er viktig for kommunale planleggjarar å ta hensyn til desse endringane for å sikre at tenestetilbodet møter innbyggjarane sine behov no og i framtida.

2.2 Folkehelse

Etne kommune har forankra folkehelsearbeidet djupt i samfunnsdelen av kommuneplanen, og i 2020 vart Folkehelseoversikta for perioden 2020-2024 vedteken. Dette dokumentet er eit vitalt verktøy for kommunen, som kvart år oppdaterer og offentleggjer folkehelseprofilen for å halde innbyggjarane informerte. Denne profilen blir nøye overvaka for å sikre at kommunen set i verk effektive tiltak for å oppretthalde og forbetre folkehelsa. Folkehelseprofilen har avdekt at Etne kommune generelt tilbyr gode oppvekst- og levevilkår for innbyggjarane sine. Likevel peikar årets profil på eit spesifikt område av bekymring – nemleg drikkevatt, hygiene og stabilitet, der kommunen skårar 86%, samanlikna med fylket sine 94% og eit landsomfattande gjennomsnitt på 90%.

For å adressere og forbetre desse områda, er det avgjerande at kommunen held fram med å fokusere på folkehelsearbeidet. Den noverande folkehelseoversikta vil gjennomgå ei revisjon i 2024 for å spegle dei siste utviklingane og justeringane som er gjorde i kommunen sitt folkehelsearbeid. Dette vil vere ein gyllen moglegheit for Etne kommune å revurdere sine prioriteringar og strategiar for å sikre at alle innbyggjarar kan nyte godt av eit sunt og trygt miljø.

2.3 Etikk og etterleving

Etne kommune har satt i verk omfattande tiltak for å sikre etterleving av lovar, reglar, og krav gjennom innføringa av eit nytt og forbetra system for internkontroll i 2023. Vidareutviklinga av HMS og kvalitetssystemet viser kommunen si dedikasjon til kontinuerleg forbetring og sikkerheitsfokus, med ein klar plan for vidare arbeid inn i 2024. Kommunen understrekar også viktigheita av involvering frå tillitsvalde og verneombod, og har implementert LTV-møter som eit tiltak for å fremje open og effektiv kommunikasjon på tvers av ulike einingar.

Dette fremjar ikkje berre intern samarbeid og forankring av strategiske mål, men også tilretteleggjar for ein kultur der dei vedtekne etiske retningslinjene og grunnleggjande verdiar; tryggleik, rausheit, og engasjement, blir levande i kvardagen til dei tilsette. Disse verdiane er djupt forankra i organisasjonens kultur, og gir retning for leiarar i deira arbeid med å utvikle og støtte opp under kompetanse og personalutvikling.

2.4 Kjønnsfordeling og likestilling

Etne kommune har stort fokus på likestilling og kjønnsfordeling. Kommunen si leing består av 8 personar, kor 5 er kvinner og 3 er menn.


Det er ei strategisk målsetjing for kommunen å jobba for fleire heiltidsstillingar innan dei tradisjonelle kvinneyrka. Det gir fleire val for kvar enkelt. Under ser ein oversikt på heil- og deltid, og fordeling mellom kvinner og menn i heile organisasjonen. Talet på delen tilsette er vist i parentes. Tal kvinner i heiltid har auka frå 131 til 139.

Årsverk/tal tilsette					
Område	Årsverk	Heiltid		Deltid	
		Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Totalt EK	325 (458)	139 (139)	38 (38)	139 (241)	9 (40)


Kilde: KS' PAI-register pr. 01.12.2023

2.5 Risikostyring og internkontroll

I 2023 har Etne kommune lagt stor vekt på systematisk risikokartlegging og oppfølging i alle sektorar og einingar, integrert som ein del av det daglege arbeidet for kontinuerleg forbetring. Denne systematiske tilnærminga til internkontroll og etterleving er forsterka gjennom månadlege rapporteringsprosessar frå einingsleiarane. Arbeidet med internkontroll inkluderer mange aktivitetar, særleg melding og lukking av avvik, der ein har oppmoda alle i organisasjonen til aktiv bruk av systemet. Dette førte til ein markant auke i rapporterte avvik, frå 389 i 2022 til 695 i 2023, og ein reduksjon i lukketida for avvik gjennom året.



Framover vil det vere eit stort fokus på lukketider og kvaliteten på avvikshandteringa. Vidare planar for oppfølging av kvalitet i arbeidet og vernerundar vil danne grunnlaget for etterleving av rutinar, med sentral innsats frå både tillitsvalde og verneombod, som har levert eit betydeleg bidrag gjennom 2023.









3. Årsmelding frå Økonomisjef



Etne kommune fekk eit underliggende positivt netto driftsresultat på kr 1,4 mill./0,32% i 2023. Budsjettert resultat var på 26,3 mill./5,9%, og justert netto resultat gjennom året var -0,1 mill./-0,03%. Reduksjon i kraftinntektene med ca 20 mill er den største årsaka til nedgangen. Det underliggende resultatet enda omtrent som justert netto driftsresultat, og ein sikta mot eit 0-resultat på slutten av året. Det har i 2023 vore fokus på å få god budsjettdisiplin. Og ein har jobba godt med rapportering og endå betre kjennskap til budsjett og løyvingar nedover i organisasjonen.

Netto lånegjeld auka gjennom 2023 frå 61% til 66,2% av driftsinntekter, noko som er innanfor målsetjinga på 70 % etter kommuneplanen. Kommunen hadde ved utgangen av året 2023 ei samla gjeld på 356 mill., der lån i Husbanken for vidare utlån utgjer vel 35,1 mill.


3.1 Nøkkeltal









Driftsutgifter 2023



- Lønnsutgifter
- Sosiale utgifter
- Kjøp av varer og tenester
- Overføringer og tilskot til andre
- Avskrivning

Driftsutgifter 2023





3.2 Driftsinntektene

Etne kommune sine driftsinntekter består av:

- Skatteinntekter; formues-, inntekts-, og eigedomsskatt
- Heimfallsleige, konsesjonsavgifter
- Rammetilskot frå staten
- Mømskompensasjon drift og investering
- MVA oppgåve
- Diverse øyremerka statstilskot
- Andre driftsinntekter inntektsført direkte på einingane, som til dømes refusjonar og sjukepengar
- Brukarbetalingar, gebyr osv.

Samla driftsinntekter i 2023 var 452,9 mill. kroner, mot 443,4 mill. i 2022 (2,1% auke).

Skatteinntekter, formue- og inntektsskatt, utgjør 136,2 mill. I 2022 var skatteinngangen, inklusiv naturressursskatt, 139,3 mill. Overføringane og tilskot i 2023 var 47,1 mill. mot 48,3 mill. i 2022. Rammetilskot auka til 166,6 mill., opp 8,2 mill. mot 2022 (158,3 mill.). Eigedomsskatten i 2023 var på 27 mill. mot 23 mill. i 2022.

Sals- og leigeinntekter utgjorde 44,2 mill. i 2023, ned frå 45,2 mill. i 2022. I førstnemnde beløp ligg sal av konsesjonskraft inne med cirka 23,8 mill. kroner.

Driftsinntekter	Rekneskap 2023	Reg. budsjett 2023	Oppr. budsjett 2023	Rekneskap 2022	Diff 2022-2023	Diff 2022-2023 %
1 Rammetilskudd	166 647 644	164 144 000	161 344 000	158 384 426	8 263 218	5,2 %
2 Inntekts- og formuesskatt	136 248 987	133 760 000	138 760 000	139 315 871	-3 066 884	-2,2 %
3 Eiendomsskatt	27 040 003	26 749 417	22 799 417	23 025 788	4 014 215	17,4 %
4 Andre skatteinntekter	4 236 075	4 212 000	4 212 000	4 276 400	-40 325	-0,9 %
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	15 442 712	12 521 049	5 521 049	12 989 636	2 453 077	18,9 %
6 Overføringer og tilskudd fra andre	47 162 606	35 986 016	40 016 016	48 319 775	-1 157 169	-2,4 %
7 Brukarbetalingar	11 928 216	11 842 670	11 542 670	11 908 195	20 022	0,2 %
8 Salgs- og leieinntekter	44 289 720	43 782 620	62 782 620	45 267 517	-977 797	-2,2 %
9 Sum driftsinntekter	452 995 964	432 997 772	446 977 772	443 487 607	9 508 357	2,1 %

3.3 Driftsutgiftene

Etne kommune sine driftsutgifter (eksklusiv interne tilskot) består av:

- Lønn og sosiale utgifter

- Kjøp av varer og tenester som inngår i produksjonen
- Kjøp av varer og tenester som erstatter eigenproduksjon
- Andre utgifter som tilskot og overføringer
- Avskrivningar

Driftsutgiftene kom på 455,9 mill. i 2023 (inkludert avskrivningar), mot 434,5 mill. i 2022.

Lønn og sosiale utgifter utgjorde 281 mill. for 2023, mot 263 i 2022. Kjøp av varer og tenester som går inn i tenesteproduksjon summerte seg til 135,9 mill., mot 133,6 mill. i 2022. Andre overføringer 20,9 mill., mot 22,7 mill. i 2022.

Driftsutgifter	Rekneskap 2023	Reg. budsjett 2023	Oppr.budsjett 2023	Rekneskap 2022	Diff 2022-2023	Diff 2022-2023 %
10 Lønnsutgifter	225 622 256	218 310 815	209 767 212	211 349 034	14 273 222	6,8 %
11 Sosiale utgifter	56 275 409	56 760 175	55 748 778	51 841 408	4 434 001	8,6 %
12 Kjøp av varer og tenester	135 986 530	125 015 363	118 596 666	133 624 607	2 361 923	1,8 %
13 Overføringer og tilskudd til andre	20 912 254	17 588 148	23 590 148	22 736 944	-1 824 689	-8,0 %
14 Avskrivningar	17 106 267	14 982 381	14 982 381	14 982 381	2 123 885	14,2 %
15 Sum driftsutgifter	455 902 716	432 656 882	422 685 185	434 534 374	21 368 343	4,9 %

3.4 Finanstransaksjonar

Snittrenter for Etne kommune er pr 31/12/2023 på 3,69%.

Finansinntektene består av renteinntekter, utbytte, finansielle gevinstar samt mottekne avdrag på utlån. Dei utgjorde til saman 10 mill. i 2023 mot 1,2 mill. kroner i 2022.

Finansutgiftene består av renter og avdrag. I det kommunale rekneskapssystemet vert avdraga ført som utgifter i driftsregnskapet, ikkje avskrivningar som såleis ikkje har resultat effekt. Renteutgiftene i 2023 var på 11,4 mill. mot 5,8 mill. i 2022. Avdragsutgiftene 11,4 mill. i 2023, mot 9,9 mill. i 2022.

Finansinntekter	Rekneskap 2023	Reg. budsjett 2023	Oppr.budsjett 2023	Rekneskap 2022	Diff 2022-2023	Diff 2022-2023 %
17 Renteinntekter	2 870 069	2 000 000	2 000 000	1 892 824	977 244	51,6 %
18 Utbytter	1 265 274	1 252 791	800 000	500 190	765 084	153,0 %
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	5 945 899	3 300 000	3 300 000	-1 173 883	7 119 781	-
20 Renteutgifter	11 436 839	10 513 448	7 013 448	5 850 437	5 586 402	95,5 %
21 Avdrag på lån	11 408 558	11 500 000	12 000 000	9 964 642	1 443 916	14,5 %
22 Netto finansutgifter	-12 764 156	-15 460 657	-12 913 448	-14 595 947	1 831 791	-12,5 %
23 Motpost avskrivningar	17 106 267	14 982 381	14 982 381	14 982 381	2 123 885	14,2 %
24 Netto driftsresultat	1 435 359	-137 386	26 361 520	9 339 669	-7 904 309	

3.6 Kommentar til budsjettavvik

Drift:

Rekneskapsskjema - Driftsrekneskap				
Sektor	2023			2022
	Regnskap	Regulert budsjett	Avvik	Regnskap
Administrasjon	41 027 987	42 586 016	-1 558 029	39 724 558
Oppvekst og kultur	134 233 438	129 494 100	4 739 338	127 795 423
Helse og omsorg	157 695 495	153 267 481	4 428 014	146 551 741
Utvikling og drift	41 948 337	38 312 962	3 635 375	38 473 819
Finans	-39 489 351	-37 597 364	-1 891 987	-38 489 039
Sum bevilgninger drift, netto	335 415 906	326 063 195	9 352 711	314 056 502
Kommentar:				
<p>Administrasjon: Lærlingbudsjettet ligg under administrasjonen og utgjør mindrebruk på 1,7 mill. Dette er rekneskapsført i dei ulike sektorane. Rekruttering har gitt meirforbruk på kjøp av konsulenttenester og annonser, men vakante stillingar har bidratt til å ta ned noko av avviket. Nytilsettingar har igjen bidratt til økte kostnader til opplæring og kurs.</p> <p>Oppvekst og kultur: Avvik på løn, vikarbruk og ekstra innleige på skulane. Meirforbruk på tilskot til privat barnehage(ca 1 mill).</p> <p>Helse og omsorg: Mykje skuldast ekstra innleige pga behov hjå brukarar. Meirforbruk på kjøp av ekstern tenesteproduksjon (ca 1 mill) og vikartenester (ca 0,9 mill). Elles noko avvik på fastløn og kjøp av tenester frå andre kommunar (interkommunale samarbeid).</p> <p>Utvikling og drift: Avviket skuldast høgare kostnader knytt til straum(0,5 mill), brøyting (0,7 mill) og vedlikehald. Noko av avviket skuldast meirbruk på løn og overtid, deler av dette er ekstrakostnader pga uver. Mindre inntekter enn budsjettet bidrar også til avvik.</p> <p>Finans: Noko skuldast avvik knytt til kraftinntektene, utgjør 1,3 mill totalt. Lite avvik (mindrebruk) knytt til pensjon. Ellers skuldast avviket budsjettering av tilbakebetaling av tilskot som i staden førebels er satt av på bundne fond i påvente av tilbakebetaling.</p>				

Investering:

Rekneskapsskjema - Investeringsrekneskap				
Sektor	2023			2022
	Regnskap	Regulert budsjett	Avvik	Regnskap
Finans	2 820 488	2 413 000	407 488	12 871 558
VA	4 706 548	5 950 000	-1 243 452	1 763 295
Bygg	12 087 669	17 070 000	-4 982 331	6 005 428
Hamn	390 617	740 000	-349 383	513 844
IKT	6 284 774	6 610 000	-325 226	2 151 445
Eigedom og næring	2 997 635	4 200 000	-1 202 365	3 306 748
Veg, park og grønt	18 764 532	16 817 500	1 947 032	18 959 255
Etne brann og redning	7 428 211	850 000	6 578 211	1 303 126
Finansiering	55 480 474	54 650 500	829 974	46 874 699
Kommentar:				
<p>Finans: Vart om lag som budsjettet.</p> <p>VA: Mindreforbruk relatert til Nytt vassverk Etnesjøen samt Kloakk- og vassleidning Power grunna seinare framdrift enn planlagt. Meirbruk knytt til Avløpspumpestasjon Prestabekken.</p> <p>Bygg: 30% mindrebruk knytt til at budsjettmidlar prosjektleiar her er rekneskapsført på aktuelle prosjekt, og ikkje minst framdrift oppgradering kommunale bygg, eks. Tinghuset.</p> <p>Hamn: Mindrebruk årsaka av forskyvd framdrift kaianlegg Etnesjøen.</p> <p>IKT: Litt mindrebruk.</p> <p>Eigedom og næring: Mindrebruk relatert til framdrift Fikse - teknisk plan</p> <p>Veg, park og grønt: Meirbruk asfaltering.</p> <p>Etne brann og redning: Vesentleg avvik grunna anleggsmidlar gjeninnført i eigen rekneskap.</p>				

4. Administrasjon

4.1 Kvalitet og personal

Fra 11.04.23 omfatta Kvalitet og personal fagområda personal, dokumentcenter og digitalisering, media og kommunikasjon. Eininga har totalt 8 tilsette (7,3 årsverk) og har ansvar for digitalisering, post/arkiv, rådgjeving innan personalområdet, lov- og avtaleverk, tilsetjingar, utarbeiding av ulike retningslinjer og reglement, deltaking i endringsprosessar (nedbemanning, organisatoriske endringar), vernarbeid, lokale lønnsforhandlingar, AMU og IA, pensjon, medarbeidarundersøkingar, kvalitetssystem og avvikssystem. Media og kommunikasjon forvaltar sentralbord, søknadssenter, interne og eksterne nettsider og sosiale media/media. Media og kommunikasjon er slik med å forma organisasjonens "ansikt utad" i alle kanalar. Digitalisering held oversikt over lisensar og programvare, med tilhøyrande budsjett. Med fokus på forbetring av system/rutinar, skal me optimalisera den daglege drifta og frigjera ressursar til å vidareutvikla organisasjonen.

Lærlingar

I 2020 blei det utarbeida ein lærlingstrategi der Etne kommune ønskjer å auke talet på lærlingar og å kunne tilby læreplassar i fleire fag; Helsefag, barne- og ungdomsarbeidar, IKT, Byggdriftarfaget, kontor- og administrasjon og institusjonskokk.

Hausten 2023 hadde Etne kommune totalt 9 lærlingar, 2 i barne- og ungdomsarbeid, 4 i helsefag, 1 IKT-lærling og 2 lærlingar i byggdriftarfaget.

4.2 Økonomi og lønn

Eininga har 7 tilsette (6,1 årsverk) og har ansvar for rekneskapsføring, budsjett, innkjøp, finansforvaltning, lønnsutbetalingar og rapportering til kommunestyret og leiargruppa.

I 2023 har me fokusert vidare på rutinar og digitalisering av prosessar. Me tok i bruk Framsikt i 2023 til bruk i arbeidet med budsjett, rapportering, økonomiplan og årsmelding. Dette gir ei betre heilskapleg styring og vil gi oversiktlege rapportar og moglegheit for publisering av desse. Me har også tatt i bruk fleire nye løysingar i Visma Enterprise for å utnytte systema fullt ut.

Implementering av nye rutinar og prosedyrar har vore ein krevjande prosess, men bidrar til at kommunalsjefar, einingsleiarar og avdelingsleiarar har betre føresetnader i framtidige budsjettprosessar.

4.3 IKT

Etne kommune har sidan 2015 vore vertskommune for felles IKT-eining for Etne og Vindafjord kommunar. Eininga har ansvar for drift og utvikling av Etne og Vindafjord kommune sine IKT system. Har bestått av 7 tilsette og 1 lærling. Frå 1/1-23 er ansvar for digitalisering flytta til Kvalitet og personal avdeling.

Nettverk og serverløysing for Etne og Vindafjord har pågått dei siste åra, og løysinga har vist seg stabil, fleksibel og veldig bra og gir oss heilt andre moglegheiter og fleksibilitet enn me hadde tidlegare.

Kommunen hadde tidlegare eit stort etterslep på gammalt PC utstyr, dette har me fått gjort noko med dei siste åra, slik at nå skal tilnærma alle PCer vært oppdaterte og være nyare enn 5 år. Utskifting av Pc'ar og anna utstyr skjer kontinuerleg for å halde utstyret oppdatert.

4.4 Politisk organisering

Overordna mål frå kommuneplanen:

«Etne kommune skal vera ein god og attraktiv arbeidsgjevar, der ein gjennom sams haldningar arbeider til beste for heile kommunen.

Politisk styring

Kommunestyre- og fylkestingsval 2023 vart gjennomført etter lova sine fristar og med valdag måndag 11.09.2023. I Etne kommune sit det 17 representantar i kommunestyret. Før valet 2023 var kommunestyrerepresentantar valde inn i Formannskap (7), Forvaltningsutval (5) og Driftsutval (5). Etter valet er kommunestyrerepresentantar vald inn i Formannskap (7) og Hovudutval (7). Den politiske organiseringa har vidare fleire råd og utval som Kontrollutval, Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsråd.

Før kommunestyrevalet 2023, ref. perioden 2019-2023

Kommunestyre

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp) Ordførar
Kari Aakra (Sp)
Reidar Berge (Sp)
Ståle Tungesvik (Sp)
Liv Kaldheim (Sp)
Anita Larsen (Sp)
Andreas Aune (Sp)
Kenneth Lyng Karlsen (Frp) Varaordførar
Trude Enge (Frp)
Renate Sævareid (Frp)
Johannes Kringlebotten (Frp)
Siri Klokkestuen (Ap)
Tollef Rullestad (Ap)
Knut Erik Ebne (Krf)
Kari Johansson (Krf)
Lars Olav Bergsvåg (H)
Kristin Golf (V)

Kontrollutvalet

Tollef Rullestad, (Ap) Leiar
Ragni Sunniva Fett (V) Nestleiar
Kjetil Winterthun (Frp)
Nina Vierdal Vee (Sp)
Øyvind Kaldheim (Krf)

Formannskap

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)
Kari Aakra (Sp)
Kenneth Lyng Karlsen (Frp)
Siri Klokkestuen (Ap)
Lars Olav Bergsvåg (H)
Knut Erik Ebne (Krf)
Kristin Golf (V)

Forvaltningsutvalet

Andreas Aune (Sp) Leiar
Anita Larsen (Sp)
Trude Enge (Frp)
Johannes Kringlebotten (Frp)
Kari Johansson (Krf) Nestleiar

Driftsutvalet

Renate Sævareid (Frp) Leiar
Ståle Tungesvik (Sp) Nestleiar
Tor Kleppa (Ap)
Liv Kaldheim (Sp)
Reidar Berge (Sp)

Etter kommunestyrevalet 2023, ref. perioden 2023-2027:

Kommunestyre

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp) Ordførar
Sjur Aakra (Sp)
Andreas Aune (Sp)
Liv Kaldheim (Sp)
Andreas Grumheden (Ap) Varaordførar
Hilde Hellenes (Ap)

Formannskap

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)
Sjur Aakra (Sp)
Andreas Grumheden (Ap)
Kenneth Lyng Karlsen (Frp)
Åge Madsgård (Frp)
Linda Bøthun (H)

Erling Bjarte Rullestad (Ap)
Johan Strømsvold (V)
Kenneth Lyng Karlsen (Frp)
Trude Enge (Frp)
Åge Madsgård (Frp)
Roger Tendal (Frp)
Øyvind Kaldheim (Krf)
Ole Funderud (Krf)
Linda Bøthun (H)
Arild Stenberg (H)
Kurt Birger Hagen (Inp)

Øyvind Kaldheim (Krf)

Hovudutvalet

Arild Stenberg (H) Leiar
Andreas Aune (Sp) Nestleiar
Liv Kaldheim (Sp)
Ole Funderud (Krf)
Trude Enge (Frp)
Roger Tendal (Frp)
Hilde Hellenes (Ap)

Kontrollutvalet

Kurt Birger Hagen (Inp) Leiar
Anna Rødne Gjerde (Frp) Nestleiar
Tollef Rullestad (Ap)
Kjell Tore Klungland (V)
Gerd Skumsnes Sørhus (Krf)

Saker

	2022	2023
Kommunestyre	84	124
Formannskap	60	74
Driftsutval (t.o.m 02.10.23)	16	20
Forvaltningsutval (t.o.m 02.10.23)	80	42
Hovudutval (f.o.m 03.10.23)		22



4.2 Budsjett aksjonar

MÅL	Måltall	K.plan	Startdato	Slutt dato	Status	Kommentar
Administrasjon						
Det er generelt lågt sjukefråvære i einingane, og intensjonen er å halda dette låge nivået.	<3%	8.6				3,7% i perioden 01.01.23 - 31.08.23
Gjennomgang av politisk reglement	Før neste val				90 %	
Mål for Kvalitet og Personal						
Me skal ha trygge, rause og engasjerte medarbeidarar med rett kompetanse i alle stillingar. Leiarane skal vera tydlege, inspirerande og motiverande ut frå felles verdigrunnlag og leiarfilosofi.		8.3				
Me skal vera del av ein lærande organisasjon, der arbeidsplassen er den viktigaste læringsarenaen og medarbeidarane har merksemd på kontinuerleg forbetring.		8.4				
Me skal vera ein kommune med eit inkluderande arbeidsliv som har fokus på førebygging og tilrettelegging for tilsette og med eit mål om sjukefråvær på 4% eller lågare. Kommunen skal stimulere til fysisk aktivitet for dei tilsette.		8.6				
Etne kommune skal arbeida aktivt for å leggja til rette for lærlingar.		8.7				
Målindikator						
Plan for ordning av avlevering av papirarkiv	Ferdigstilt				100 %	Blir avlevert i 2024
Redusere bruk av post i brevform	30 %			31.12.2023	77 %	23% reduksjon i utsendte brev fra 2022 til 2023
Auke melding av avvik i organisasjonen	100 %			31.12.2023	60 %	Tal avvik i 2023 var 695 mot 389 i 2022.
Lukketid for avvik	5 dg			31.12.2023	50 %	
ROS-verktøy er tatt i bruk i alle einingar	Alle einingar			31.12.2023	20 %	
Overordna rekruttering- og kompetanseplan	Ferdigstilt			31.12.2023	15 %	
Redusere sjukefråvære i Etne kommune	4,6%			31.12.2023	70 %	Sjukefråveret for Etne kommune var totalt på 6,2% i 2023
Oppfølging av sjukmeldte i tråd med vedtatt rutine	100 %			31.12.2023	100 %	
Vernerundar i alle sektorar	2 pr sektor	Kvar sektor må ha eigne mål		30.06.2023	50 %	
Lærlingstrategi	Jf. måltal i strategien			31.12.2023	50 %	Lærlingstrategien har som mål å ha 15 lærlingar. Hausten 2023 hadde me 8 lærlingar
Delegasjonsreglement	Før neste val			31.08.2023	80 %	
Rutinar og kvalitetssystemet på Intranett	Innan slutten av 2023			31.12.2023	30 %	Arbeidet pågår med god framdrift

Mål for økonomi og lønn						
Folkevalde og medarbeidarar samarbeider for at kommunen når sine mål og gir eit godt omdømme.		8.1				
God sørvis skal ytast både mot innbyggjarar, næringsliv og andre medarbeidarar.		8.4				
Me skal ha økonomisk handlingsrom og ei berekraftig økonomistyring		9.1				
Me skal redusera etterslep på vedlikehald. Me skal til ei kvar tid ha ei oppdatert oversikt over behov for vedlikehald på kommunal eigedom.		9.2				
Enøk og inneklime er satsingsområde. Kommunen skal redusera straumforbruket med 10% innan 5 år.		9.3				
Mållindikator						
Auke i e-handel	12% innan 2024				60 %	
Utgående faktura - restanse	<5%				100 %	
Andel faktura godkjent innan forfall	90 %				100 %	
Tilstrekkelig likviditet	>1				90 %	
Digitalisering av lønsrutinar	Innan 31.12.2023				90 %	
Eigardeler i Complete Control	Innan 31.12.2023				0 %	
Alle avtalar i Complete Control	Innan slutten av 2023				80 %	
Auke EHF i kommunen	>95%				100 %	
Mål for EVIKT						
EVIKT skal ha høge ambisjonar for eit stabilt og oppdatert driftsmiljø og skal vera ein pådrivar for digitalisering i kommunen						
Me skal ikkje ha utdatert og gamle PC'ar, serverar og nettbrett		8.4 og 8.3 gjeld alle				
Mållindikator						
Del utstyr som er eldre enn oppgitt max alder	<1%				100 %	
Andelen usupportert Windows	<1%				99 %	

5. Oppvekst og kultur

Overordna mål frå kommuneplanen:

«Barn er framtida og vår viktigaste investering. Me gjer barn og unge budde på livet ved å sikra kunnskap og god helse. Oppvekstvilkåra skal vera prega av trivsel, tryggleik, ambisjonar, aktivitet og å skapa gode barndomsminne.»

Våren 2023 jobba me med å setja mål for oppvekst og kultur. Dei overordna måla blei tatt med i budsjettarbeidet og er med som indikatorar i økonomisystemet vårt. Oppvekst og kultur sitt hovudmål er henta frå overordna del til læreplanverket som gjeld for grunnopplæringa: “Barn og unge i Etne skal utvikla kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistra liva sine for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet”. Dette ligg til grunn for arbeidet vår i både barnehage, skule og kultur, og målet skal prega praksisen vår i opplæringa og i samarbeid med heimane. For å understøtta dette målet har me følgjande delmål:

- Barn og unge som lykkast dagleg i heim og eining.
- Høgt læringsutbytte.
- Følgja lova, planar og utføra politiske vedtak.

Det er laga ulike måleindikatorar til delmåla som me i løpet av året vil måla oss mot.

Tidleg innsats i våre barnehagar og skular har vore tema gjennom fleire av våre møte. Me har ei tid hatt utfordringar med utagerande åtferd i skulane, og ser at noko av dette burde vore tatt tak i tidlegare. Det handlar om å tilby rettleiing, hjelp og støtte når me ser små som får lov til å styra for mykje heime, tilby rettleiing når ein er i utfordrande situasjonar der me ved erfaring veit at å støtta og rettleia i det førebyggjande vil vera ei hjelp. Me har jobba mykje struktur og rammer i våre einingar, og ynskjer å vera tydlegare på korleis me bør ha det i våre einingar. Barn og unge i Etne er innom våre barnehagar og skular deler av dagane, og me ser det vil vera viktig også i tida som kjem å halda ein dialog med heimane slik at barn og unge lykkast dagleg i heim og eining.

Våren 2023 fekk me på plass ein ny lese- og skriveplan for skulane. Det er laga eit nytt ordensreglement og det er gjort justeringar i andre planar slik at det samsvarar med det me gjer i dag. Det har vore ein del endringar i våre rutinar og planar gjennom hausten, og då sært knytt til inkluderande praksis og vår samhandling med andre. Våre einingar har ansvaret for den pedagogiske drifta, og kan rådføra seg med andre, og forholda er lagt til rette for god samhandling. Inkluderande praksis er overskrifta for det pedagogiske utviklingsarbeidet i våre barnehagar og skular.

Hausten 2022 og våren 2023 brukte me mykje tid på evaluering av vårt BTI-arbeid, BLI Z, og har utarbeida ei ny organisering og innhald i vårt samhandlingsverktøy.

Hausten 2023 fekk me nye leiarar i våre to skular. Ei er kjent i eininga, då ho har vore vikar ei tid, ei er heilt ny i kommunen og ny i eininga.

Det har dei siste åra vore mykje snakk om talet fødde og ei framskriving av dette som viser at det i tida som kjem ligg an til å bli fødd færre born. Me ser at det dei siste åra har vore eit lågare gjennomsnitt, og nokre år har vore særst låge. Dette tar me høgde for år for år i barnehagen, og det vil også vera noko me må ta høgde for i skulane. For skulane sin del veit me korleis det ser ut fram mot 2029. Det vil bli ein reduksjon i kommunen frå 522 elevar i år til 444 elevar i 2029 med tala me veit i dag.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkludering – Inkluderande praksis

Etne kommune fekk midlar til eit arbeid saman med Vindafjord og UH (Universitet og Høgskulen). Kompetanseheving og ei større forståing for korleis me skal arbeida i tida som kjem har vore bakgrunn for dette arbeidet, og knytt til endringar som oppvekstreforma og kompetanseløftet 2025.

Det er eit mål i kommunane å byggja eit betre lag rundt barn og unge. Dette inneber primært å vidareutvikla kompetanse på det spesialpedagogiske og det allmennpedagogiske feltet inn mot leiarar og tilsette i barnehage, skular og PPT.

Kommunar nyttar ulike modellar for samhandling, me nyttar Bli Z som vår samhandlingmodell også i dette arbeidet.

Utvida SFO-ordning

Med nye ordningar frå sentralt hald om gratis kjernetid for 1. og 2. trinn, og lokale gode moderasjonsordningar i tillegg, har det blitt mange born på SFO. Det er flest av dei yngste elevane. På Enge skule er det 102 elevar av 158 elevar som nyttar SFO, i Skånevik er det 19 elevar av 34 elevar på SFO. Ser me på våre 1. og 2. trinn som har tilbod om gratis kjernetid, er det 80 av 91 elevar som nyttar SFO på Enge skule, og 11 av 11 på Skånevik skule. Frå sentralt hald er det vedteke at det skal vera gratis kjernetid også for 3. trinn frå hausten 2024.

Læring/leiing i barnehage og skule (LBS)

Desse møta er for leiarar i barnehage og skule, hovudtillitsvalt utdanningsforbundet, PP-tenesta og kommunen. Møta er laga slik at me legg vekt på leiarutvikling og læring av og med kvarandre. Det handlar om å lyfta seg opp for å reflektera saman over felles utfordringar, felles prosjekt, eigen eining og kva ein kan gjera som leiar, eins eige bidrag. Me starta året 2023 med å lesa den same boka og ha ein god refleksjon rundt denne. Før sommaren blei det også delt ut ei bok som felleslesing. Den handlar om pedagogisk analyse og var tema for fyste møte hausten 2023. Elles blei det lagt opp til økter som samsvarar med våre planar. Me har jobba med vårt «Kvifor» - kva er målet for vår eining? Målet i einingane heng saman med målet for overordna nivå.

Året 2023 var tema:

- Ona fyr – for deg som vil lukkast saman med andre
- Pedagogisk analyse
- Åtferd og den gode vaksne
- Vekst og utvikling
- Vårt «Kvifor»
- Forventningar
- Øving i pedagogisk analyse
- Samhandling barnehage/skule og PP-tenesta

Bli Z - betre tverrfagleg innsats (BTI)

Etne kommune frontar Bli Z som ei satsing. I 2022/2023 har me hatt ei grundig evaluering og ei endring av strukturen i vår organisering av Bli Z. Overskrifta i logoen, Bli Z – den beste deg har me tatt inn som ei satsing i samhandlinga rundt våre barn og unge. Den beste deg handlar om å leggja forholda til rette, få til samhandling og samarbeid til det beste for våre barn og unge. Den beste deg viser til ei tilpassing slik at ikkje alle skal bli like, men at den enkelte skal bli den beste ut i frå sin ståstad.

Organiseringa er endra slik at ein har flytta seg meir ut i einingane, ein har rigga for kompetanseutvikling i einingane og til samhandling der det skjer. Det skal vera ressursgrupper i alle einingar med barn og unge, og det skal vera fast møte der PPT og helse er med, og der ein kan ta med støtteinngar etter behov.

Satsinga på Bli Z er ikkje nytt i kommunen, men organiseringa er nå i samsvar med kompetanseløftet og oppvekstreforma som er gjeldande for kommunen. Rett hjelp til rett tid, eit heilt klart fokus på førebyggjande arbeid og meir systemarbeid i samhandlinga er det som driv dette arbeidet.

Det er utarbeida kva oppgåver som skal liggja til ressursgruppene og våre rutinar og planar har tatt med den nye organiseringa.

På kommunalt nivå er det faste møte der alle einingane er representert ved leiarar og ein deler erfaringar, men også er pådrivarar for å laga felles system, eller leggja til rette for felles kompetanseutvikling. Det har blitt arrangert opplæringsøkter på tvers av alle einingar i regi av kommunen.

November 2023 hadde me ein halv dag der støtteiningane hadde innslag på kva dei kan bidra med inn i laget rundt våre born. Det er også lagt opp til utviklingsdagar der me byggjer kompetanse som er i samsvar med utfordringsbiletet i kommunen. Støtteiningane er invitert til utviklingsdage.

Det vil bli ei evaluering av Bli Z- arbeidet i 2025.

Kommunalsjef har delt med andre kommunalsjefar i FOS korleis me jobbar med å møta kompetanseløftet og oppvekstreforma. Dei ser at me har fått ein god struktur på arbeidet, og ikkje minst, ei fantastisk god overskrift. Det handlar om å laga ein struktur som legg forholda til rette for at våre barn og unge kan bli den beste seg. For å kunne gjera det, treng me å sjå kvarandre, me treng Bli Z.

Me har sett oss nokre mål i dette arbeidet:

- Fleire barn og unge i det ordinære
- Alle er kjent i eininga og veit kva andre kan bistå med
- Alle er gode i pedagogisk analyse, handlingrettleiar og Stafettlogg
- Alle veit kva tid dei skal be om samtykke
- Alle har vore gjennom øving ved bruk av case

Under her er det eit oppsett som viser strukturen i Bli Z, som er laga for skulane våre. Det er ikkje lik rigging i våre einingar. Det er opp til leiarane i våre einingar å rigga det ein tenkjer er det beste. Dette betyr at det t.d er slik i våre barnehagar at alle avdelingane er representert slik at ein sikrar seg ei god implementering.

<p>Individnivå</p> <p>Møte etter behov</p> <p>Bli Z – operativ gruppe</p>	<p>Mål: Rett hjelp til rett tid.</p> <p>Kontaktlærar/lærar brukar kartleggingar, pedagogisk analyse, handlingsrettleiar, stafettlogg og har dialog med sin avdelingsleiar. Treng ein hjelp frå ressursgruppa, melder avdelingsleiar saka vidare. Samtykke frå føresette når ein skal melda saka inn til ressursgruppa.</p>
<p>Einingsnivå</p> <p>2 gonger i månaden</p> <p>Bli Z – intern ressursgruppe</p>	<p>Mål: Støtta, rettleia. Utvikla system i eininga.</p> <p>Intern ressursgruppe – einingsleiar er leiar av møte. Avdelingsleiar presenterer sak. Spes.ped.koordinator, skulehelsetenesta og PPT-kontakt er faste deltakarar. Elles støttetenester etter behov. Støttetenestene; familieteam, barnevern, sosiallærar, psykisk helse/rus ved behov, lege, tenestekontoret/koordinerande eining, politikontakt</p>
<p>Kommunenivå</p> <p>4 gonger i året</p> <p>Bli Z - kommunegruppe</p>	<p>Mål: Sikra utvikling av system for laget rundt borna.</p> <p>Kommunegruppa – kommunalsjefar er leiar av møte. Pedagogisk rådgjevar, einingsleiar helse, einingsleiar barnehage og skule og leiar for PPT. Støttetenester etter behov: leiar barnevern, SLT, kommuneoverlegen, leiar NAV, politistasjonssjef.</p>
<p>Strategisk nivå</p> <p>2 gonger i året</p> <p>Bli Z – strategisk leiargruppe</p>	<p>Mål: Sikra at «effekt mål» blir nådd.</p> <p>Kommunegruppa – kommunedirektør, kommunalsjefar. Kommunalsjefar kallar inn og leier møte.</p>

Mot

Etne har sidan 2007 vore eit lokalsamfunn med MOT, og ein har nytta MOT i skulane like lenge. Det blei i 2019 skrivne nye avtalar med MOT. Nå har Etne kommune gått frå vera lokalsamfunn med MOT til å bli kommunen som samfunnsbyggjar. I tillegg skal ein utvida slik at det nå vil gjelde heile grunnskulen, ikkje berre ungdomsskulen som før. Skulen som samfunnsbyggjar forsterkar skulen si rolle som samfunnsbyggjar. MOT har tre verdiar; MOT til å leva, MOT til å bry seg og MOT til å seia nei. Dette er verdiar som kommunen legg vekt på at alle einingane tar med seg i arbeidet med barn og unge.

MOT er godt forankra på begge skulane og me har fire MOT coach-ar (lærarar) som jobbar med å byggja robust ungdom i Etne kommune, to på Skånevik skule og to på Enge skule. Det blir ei evaluering av MOT i løpet av året 2024.

5.1 Barnehage

I 2023 var det fødd 26 born i Etne kommune. 20 høyrer til Etne, 6 høyrer til Skånevik. Det har dei siste åra vore store variasjonar i talet fødde. Det har vore fleire år med låge barnekull, noko som etter kvart vil slå ut på elevtala i skulen. Det er ledig kapasitet i alle barnehagane i kommunen.

Barnetalsutvikling

Barnetal	2023	2022	2021	2020	2019	2018
Kommune	26	55	36	33	46	50
Barnehage	2*	48	36	32	46	50
Del born i bhg	8%*	87%	100%	97%	100%	100%

Tabellen er oppdatert pr 06.02.2024

*Eit barn byrja 01.02.2024 og eit barn byrjar 01.05.2024

Hovudopptak

Pr 01.03.2024 er det 25 nye søknader. Det var plass til alle og alle fekk innvilga det første alternativet dei søkte om. Det var ein klar nedgang frå 2023 då det var 45 nye søknader.

Skånevik barnehage

Det har gjennom heile 2023 vore ei god drift i Skånevik barnehage. Leiar i barnehagen hadde eit vikariat som leiar også for Skånevik skule. Dette blei vidareført der leiar hausten 2023 fekk fast stilling som leiar for Skånevik barnehage og Skånevik skule.

Det har vore ei vidareføring av tidlegare endringar på organisering av borna, struktur av dagen og eit nytt oppsett for årsplan. Omorganiseringa på avdelingane som blei gjort hausten 2022, der ein gjekk frå tre avdelingar (to store og ein liten) til to avdelingar, ein stor og ein liten, har fungert godt. Fordelen med denne organiseringa er at borna på stor avdeling har fleire leikekameratar å velja mellom. Borna lærer seg å leika med born på tvers av alder, noko som er naudsynt med tanke på når dei starta på skulen, der elevtalet er lågt og ein har klassar saman. I tillegg er det ikkje så sårbart når til dømes ein av personalet er sjuk. Borna kjenne personalet godt, noko som er viktig i høve til tryggleiken for borna.

Det har vore ei endring i dagsrytmen som det også har vore gode erfaringar med. Årsplanen er eit godt verktøy for alle tilsette, gir fokus og er god for drifta.

Gjennomsnitt er sjukefråværet i Skånevik barnehage lågt. Me har fått til eit godt samarbeid mellom tillitsvalte, verneombod og leiing. Me har eit stabilt personale som er flinke og engasjerte i jobben sin.

Barnehagen i Skånevik satsa på språk for å bidra til god språkutvikling. Språk er viktig på fleire område. Godt språk bidrar positivt inn i det sosiale livet til borna, godt språk gjer det enklare for born å delta aktivt

inn leiken. Borna blir lest for kvar dag både for å auka ord og omgrep, men og for at borna skal læra gjennom gode historier og forteljingar.

Enge barnehage

Drifta har vore god gjennom 2023. Det har vore mogleg for oss å ta imot nye barn gjennom heile året og me har tilpassa personalbruken etter barnetalet.

Me har arbeidd vidare med samarbeidet på tvers av avdelingane og det er nå blitt ein arbeidsmåte som personalet likar å arbeida etter. Dette gjer me kan setja saman barnegrupper på tvers av avdelingane som er gode for kvarandre og dei eldste borna kjenner betre dei som går på andre avdelingar. I tillegg vert personalet, romma, huset nytta på ein betre måte.

Me har flinke folk på jobb kvar dag. Dei er engasjerte, samvitsfulle og opptatt av å gjera ein god jobb. Me har rett tal pedagogar etter pedagognorma.

Me har hatt samarbeid med NAV Arbeidslivsenteret i forhold til eit tidlegare høgt sjukefråvær. Som ein del av dette samarbeidet har me etablert eit godt LTV-arbeid i barnehagen. I 2023 vart sjukefråværet redusert og låg rundt det foreløpige målet vårt på 6%. Dette er eit viktig arbeid sidan personalet er den viktigaste ressursen me har i barnehagen.

Me har fortsett med språk som felles tema for heile barnehagen. Me ynskjer å styrka dette arbeidet sidan god språkkompetanse er viktig for borna på fleire område. Ikkje minst påverkar språket det sosiale livet til borna, det er lettare å delta i leik med eit funksjonelt språk. Me nyttar også teikn og bilete (ASK) som støtte til det verbale språket, noko som er særskild viktig blant dei yngste borna, to-språklege og born som har utfordringar med å gjere seg forstått.

I tillegg er arbeidet med sosial kompetanse og inkludering viktig for oss. Dette har personalet med seg når dei planlegg aktivitetar, grupper osv. Personalet er begynt å bruka pedagogisk analyse for å finna gode tiltak og rammor for arbeidet deira.

Det siste året har me hatt inne nye barn og foreldre på tre korte besøk månaden før dei startar vanleg tilvenning i barnehagen. Dette har vore vellukka. Barn og foreldre er betre kjend med barnehagen når dei startar for alvor. Sidan i haust har me også hatt besøksdag for alle som vil siste onsdag i månaden.

Foreldreundersøkinga for 2023 viser at foreldra er veldig godt nøgde med barnehagen. Som dei siste åra skårar me særskild høgt på relasjon mellom barn og tilsette, vennskap, borna sin trivsel og borna si utvikling. Desse områda er også dei me ser på som dei viktigaste. Som dei siste åra skårar me lågast på inne- og utemiljø og medverknad, noko me vil ha fokus på vidare.

I 2023 fekk barnehagen ei oppgradering. Dei fem eldste kjøkkene vart erstatta av fine nye kjøkken og barnehagen vart måla utvendig. Me fekk også overta ei grillhytte frå Etne Jeger og Fisk som me har fått plassert i Planteskuleskogen. Dette er ein kjekk plass å gå på tur til og leike i. Flinker foreldre var med på dugnadsarbeid slik at dette var mogleg å gjennomføra. I 2024 ser me fram til ein etterlengta oppgradering av uteplassen vår og planarbeidet er starta.

Me har eit godt samarbeid med Enge skule for dei borna som byrjar i 1. klasse, noko spesielt foreldra til born med utfordringar set stor pris på. Me har samarbeidsmøte, besøk på skulen, lærarane er med på litt av ein barnehagedag og ved skulestart er ein tilsett frå barnehagen med på skulen dei to første vekene. Dette gjev også god læring for barnehagen når me skal førebu borna på skulestarten.

Spesialpedagogisk hjelp

Del born i barnehagealder som har hatt behov for spesialpedagogisk hjelp, har over tid lege på 4-5%. Pr. 31.12.2023 har 5,14% av borna i Etne kommune spesialpedagogisk hjelp. Det er omlag det same som i 2022 då del born med spesialpedagogisk hjelp var 5,15 %. I ein liten kommune som Etne, vil det kunna

vera variasjonar år om anna. Det er også ein nasjonal tendens med auke i spesialpedagogiske tiltak både i barnehage og skule. Ordninga med spesialpedagogisk ressursgruppe fører til at born som treng ekstra hjelp, kan få det raskt og ofte utan vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Det vil vera best for borna om flest mogeleg kan få den hjelpa og støtta dei treng innan det ordinære tilbodet i barnehagane. Me har over tid arbeidd for at det skal vera større samanheng mellom ekstra tiltak og det ordinære.

Dei kommunale barnehagane har begge hatt språk som satsingsområde. Me veit at språk er viktig for vidare utvikling og vil i åra som kjem halda fast i dette. Her vil også det spesialpedagogiske teamet ha ei viktig rolle.

Barnehagemiljø

01.01.2020 vart det innført eit nytt kapittel i barnehagelova om psykososialt barnehagemiljø. Me veit og ser at borna er tidleg inne i roller og me veit at me må vera tidlegare på enn me før har trudd. Mønster blir danna og roller blir satt. Me har jobba for å vera meir med inn i leiken for å sjå om me kan finna for å bryta mønster som kan vera uheldige.

Følgjande er nå lovpålagt:

- § 41 Nulltoleranse og førebyggjande arbeid
- § 42 Plikt til å sikra at barnehageborna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Dersom ein oppdagar eller får melding om at eit barn ikkje har det trygt og godt, har barnehagen aktivitetsplikt.
- § 43 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen krenkjer eit barn.

Barnehagane i Etne kommune har over tid arbeidd godt for at borna skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø. Me det er godt dette også vert lovfesta på same vis som det er for skulen.

Etne kommune har arbeidd godt med å oppdatera gjeldande rutinar etter lovendringa.

Barnehagane har dette barnehageåret arbeidd med kompetansepakkar frå Udir innan temaet. Dei har i løpet av barnehageåret laga lokale rutinar bygd på kompetansepakkanane.

5.2 Skule

Me ynskjer å laga ein skule i kommune som er mest mogleg lik for våre born og unge. Det betyr at me samarbeider når me lagar rutinar og planar som gjeld for skulane, men tar også med oss barnehagen når det er naturleg.

Hausten 2023 fekk leiar for Skånevik barnehage også leiaransvaret for skulen, i tillegg fekk me ny leiar på Enge skule. Det har vore ein spennande haust og ei tid for å ha ein gjennomgang for å bli kjent, men også for å påverka gjeldande rutinar og planar. Det har vore ein god haust på skulane.

Me har nokre felles utfordringar på skulane knytt til utfordrande åtferd som har tatt mykje tid og som har gjort skulekvardagen utfordrande for dei det gjeld, men også for medelevar og tilsette. Me veit at det beste er om dei som er ein del av utfordringa også er ein del av løysinga, så dette jobbar me godt med. Dette er noko ein snakkar mykje om i media, frå sentralt hald, så me er ikkje åleine om å kjenna på denne utfordringa.

Me har sett av utviklingsdagar dette skuleåret til tema, men jobbar også med struktur og rammer, forventningar og inkluderande praksis. Inkluderande praksis er overskrifta for arbeidet vårt, men det betyr ikkje at det skal vera meir ein til ein, men heller at me blir betre på å tilpassa for fleire i det ordinære. Me har ei tru om ei endring vekk i frå individfokuset, og har eit større bilete, heile gruppa i fokus. Det skal vera snakka om borna i Etne kommune, og det å leggja forholda godt til rette for alle borna.

Spesialundervisning/tilpassa opplæring

Inkluderande praksis er overskrifta for arbeidet i skulane. Me har hatt ein tettare dialog med PPT for å bli betre til å bruka systema me har i dette arbeidet. Dei siste åra viser små variasjonar i talet på elevar som får spesialundervisning, og skulane i Etne ligg med 8,46 % spesialundervisning pr 01.10.2023. Pr. 01.10.2022 var talet 9,02%. Målet om å koma ned mot 8% i 2023 er ikkje nådd, men dei siste 4 åra har det vore ein reduksjon på tal elevar som har vedtak om spesialundervisning. Kommunen og skulane arbeider tett med PPT og målet er å få til ei endå betre tilpassing i det ordinære slik at fleire elevar får opplæringa si gjennom ordinær undervisning. Begge skulane har ein kontaktperson frå PPT som er inne på skulen faste dagar. Nokre elevar skal ha spesialundervisning, men det skulle ikkje vera nokon grunn til at Etne skal liggja over landssnittet over tid. Landssnittet pr 01.10.2023 er 8,05 %. Etne bør ha som mål å arbeida mot dette nivået.

Trygt og godt læringsmiljø

Skulane har jobba med resultatata frå elevundersøkinga og tatt tak i det som kom fram der. Det er laga ein kommunal plan der skulane har laga sine lokale tilpassingar. Alle skal vera godt kjent med korleis me jobbar, planar og rutinar. Skulane har fokus på det førebyggjande og har dette som tema med jamne mellomrom for å sikra at ein tar alle i vare.

Me ser at utfordringane med utagerande åtferd og ufint språk er noko som påverkar læringsmiljøet for fleire elevar, og me jobbar med dette. Det skal vera eit godt læringsmiljø for alle.

Resultat

Indikator og nøkkeltal	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Etne kommune	39,8	39,8	41,4	41,5	42,2	42,5	43,9	43,5
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Kommunegr. 01/04	40,7	41,0	41,6			42,3	42,7	41,5
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Hordaland/Vestland	41,5	41,7	42,2		43,1	43,4	43,5	42,7
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Nasjonalt	41,1	41,4	41,7	41,9	43,1	43,2	43,2	42,3

Tala viser at elevane i Etne har hatt positiv utvikling dei siste åra. Dei to siste åra litt betre enn dei andre gruppene.

I 2020-2022 var det ikkje eksamen, men det har vist seg at i Etne er det stort samsvar mellom standpunkt- og eksamenskarakterar. Det er små variasjonar. I 2023 var det både skriftleg og munnleg eksamen.

Grunnskulepoeng vil seia gjennomsnittskaracteren multiplisert med 10. 43,5 vil difor seia karakteren 4,35 (som i praksis er 4) i snitt. 43,9 (Etne i 2022) vil seia karakteren 4,39 (som i praksis også er 4) i snitt. Det er difor berre marginale variasjonar. Målet må likevel alltid vera at alle elevane skal oppnå sitt høgste potensiale.

SSB viser til at elevar med færre enn 30 grunnskulepoeng (karakteren 3 i snitt) i svært liten grad fullfører vidaregåande opplæring (VGO). Forsking peikar på at elevane bør ha over 35 grunnskulepoeng for å kunna gjennomføra VGO. Det vil difor vera viktig at flest mogeleg elevar oppnår minst 35 grunnskulepoeng (karakteren 3,5 i snitt). Etne har som mål å liggja på eller over landssnittet.

Gjennomføring vidaregåande opplæring VGO)

	2014	2015	2016	2017	2018
Etne	83,9	82,1	86,0	83,7	84,9
Hordaland/Vestland	82,7	82,8	81,8	82,9	81,4
Landet	80,9	81,2	80,6	82,0	80,5

Tala viser at elevane frå Etne har betre gjennomføring enn både landet og Vestland. Det er ein viktig målestokk på at ein har lukkast med opplæringa. Bortsett frå ein topp i 2016, har det vore forholdsvis jamn del av elevane som har gjennomført på fem år. Grunnlaget for resultatane vert lagt i barnehage og grunnskule, men det er det gode arbeidet som Ølen v.g.s og tidlegare Etne v.g.s. gjer som til slutt gjer dei gode resultatane. Det bør likevel vera eit mål at endå fleire elevar skal gjennomføra vidaregåande opplæring. Tala over i tabellen er snittet for elevane som gjekk ut av 10. klasse dei aktuelle årstala. Elevane har 5 år på seg til å fullføra VGO. Elevane som gjekk ut frå 10. klasse i 2018, hadde kunna gå 5 år i VGO våren 2023. Frå hausten 2024 vil det ikkje vera ei grense på 5 år for gjennomføring.

Ressursbruk

Udir - Undervisningspersonell

Etne kommune, Grunnskule, Undervisningspersonell, Alle steg, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltal	2018-2019	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024
Årsverk undervisningspersonale - Etne kommune (C26)	57,1	59,3	62,4	57,5	54,8	54,6
Årsverk til undervisning - Etne kommune (C7)	51,0	52,5	56,0	51,7	48,8	48,8
Tal elevar per årsverk til ordinær undervisning - Etne kommune (A15/C24)	14,3	13,4	12,3	13,0	13,1	13,1
Tal elevar per årsverk til undervisning - Nasjonalt	16,3	15,8	15,7	15,5	14,7	14,7
Tal assistentårsverk i undervisninga - Etne kommune	9,0	9,0	8,0	9,2	9,9	10,3
Tal elevar per assistentårsverk i undervisninga - Etne kommune	58,6	58,4	62,9	54,6	51,5	50,5
Tal elevar per assistentårsverk i undervisninga - Nasjonalt	64,6	63,5	59,6	57,5	55,4	51,9
Lærartimar som vert gjeve til undervisning - Etne kommune (B3)	36 235	37 220	39 603	36 768	34 904	34 878
Undervisningstimar totalt per elev - Etne kommune (B3/A15)	70	74	79	73	68	67
Undervisningstimar totalt per elev - Nasjonalt	60	62	62	63	63	64

Tabellen viser at ressursbruken dei siste to åra er forholdsvis lik. Det har vore ein reduksjon dei tre åra før 22/23. Dette er tal som er henta i frå GSI.

Etne kommune har over tid nytta meir assistentressursar enn landssnittet. Dei siste tre åra har det vore ein auke i tal assistentårsverk.

Lærarnorm

Begge skulane ligg innanfor lærarnorma på alle stega. Det har tidlegare vore brukt mest ressursar på ungdomssteget. Då det skuleåret 2022/2023 vart brukt mest ressursar på småskulesteget, vert det skuleåret 23/24 forholdsmessig brukt mest ressursar på ungdomssteget.

Elevutvikling skule

Elevtalet i Etne har over tid lege på pluss/minus 500 elevar. Skuleåret 2023/2024 viser at me samla har 520 elevar i skulane. Neste skuleår, skuleåret 2024/2025 vil det bli ei auke opp til 532 elevar. Deretter vil det bli ein gradvis reduksjon til 347 i 2030. Skuleåret 2024/2025 er det 50 born som startar på skulen i kommunen.

Tabellen under viser at det er ei auke av elevar som nyttar SFO. Tala under er i frå oktober. Gratis kjernetid er utvida til også å gjelda for kommande 3. trinn frå hausten 2023, og det er ei forventning om fleire ungar

på SFO neste skuleår. Etne kommune vil arbeida med å utvikla SFO. Det har kome ein nasjonal rettleiar for SFO. Denne vil vera til hjelp for arbeidet med å utvikla SFO.

Komande skuleår vil det starta 50 nye elevar i Etne kommune. 41 elevar startar i 1. trinn på Enge skule. I Skånevik vil det starta 9 elevar. Dette er litt i underkant av eit normalkull i kommunen. Dei komande fem åra deretter vil elevtalet variera frå 55 elevar til 26 elevar.

Utvikling elevtal															
Skule	Klassesteg										Sum 8.-10. alle trinn	SFO	Lekse- hjelp		
	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	Sum 1.-7.	8.	9.				10.	
Enge 23/24	38	52	42	25	38	48	60	303	38	38	37	113	416	103	64
Skånevik 23/24	7	4	6	16	9	16	13	71	10	14	9	33	104	20	15
Sum 23/24	45	56	48	41	47	64	73	374	48	52	46	146	520	123	79
Sum 22/23	54	49	41	48	64	71	48	375	53	45	37	135	510	95	71
Sum 21/22	50	42	49	64	74	48	55	382	44	37	45	126	508	80	170
Sum 20/21	38	49	59	72	48	53	45	364	36	45	50	131	495	84	0
Sum 19/20	48	58	74	45	53	45	36	359	44	52	51	147	506	96	2
Sum 18/19	61	77	45	53	47	38	44	365	54	51	47	152	517	103	1
Sum 17/18	77	43	54	46	38	41	53	352	51	47	73	171	523	114	3
Sum 16/17	43	56	50	40	42	54	50	335	47	73	49	169	504	103	20
Sum 15/16	56	51	39	42	51	51	46	336	72	47	58	177	513	104	19
Sum 14/15	48	39	43	52	51	47	73	353	47	55	56	158	511	109	16
Sum 13/14	39	40	51	51	45	73	46	345	56	55	61	172	517	107	55
Sum 12/13	39	49	48	44	73	44	56	353	54	62	38	154	507	109	57
Sum 11/12	48	46	44	68	46	56	53	361	61	39	54	154	515	101	68

5.3 Kultur

Hovudmålsetting i kommuneplanen:

Etne kommune skal halda på posisjonen som kulturkommunen i regionen. Kultur-, idretts- og fritidstilbod skal ver breitt og variert med ulike grader av samspel, kreativitet og sjølvdisiplin. Dette skal skje i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Kultureininga har 5,33 årsverk fordelt på kulturskulen, biblioteket og kultur. Kulturskulen har 2,33 årsverk, 0,5 årsverk for leiar og resten er kulturskulelærarar. På biblioteket er det 3 tilsette med totalt 2 årsverk, og kultur har 1 årsverk der 0,5 årsverk er leiar for kultureininga.

Kulturskulen

Kulturskulen har hatt ei god auke i elevtal det siste året. Med 115 aktive elevar på kurs og i vanlege tilbod så ser ein at ein fangar opp mange born, og det er ei stor utvikling frå rett i overkant av 60 elevar for eit drygt år sidan. Tilbakemelding frå foreldre er at det er særskild viktig med slike tilbod for borna i kommunen som ikkje har interesse av andre breiddeaktivitetar. Kursa som har vore hausten 2023 er lego og ungdomskor, og dei har vore populære og så og seia fullteikna. Framover er det planlagt fleire spanande kurs, som dansekurs og teaterkurs i Skånevik.

Elles er framleis dei faste faga med vidare; gitar, bass, piano, trommer, fiolin, messing, teater og teikning/maling. Det er framleis god aktivitet med konsertar og framsyningar, og me hadde vår største produksjon på mange år i april, med blant anna skuleframsyning.

Biblioteket

2023 var, som tidlegare, eit aktivt år på biblioteket!

Gode utlån- og besøkstal, mange gode arrangement og fleire nye samarbeidsprosjekt. Bla. besøk av Bokbåten Epos, Språk-kafé, Frøbibliotek, deltaking i nye fagnettverk, Open Fritid, Sommarles, Bokbanden, fleire forfattarbesøk, overnatting på biblioteket og «Etne rundt». Det vart rydda opp og sortert i samlingane og lokala i både Etne og Skånevik. Nye samarbeidsformer og rutinar er på plass, og dei tilsette er i full gang med å utvikla og rigga biblioteket for framtida.

Utlån	2021	2022	2023
Utlån barn	13 715	16 597	16 480
Utlån vaksne	8 270	8 355	10 175
Digitale lån (Bookbites og Filmoteket)			594
Aktive lånarar	1 528	1 696	1 636
Besøk totalt	14 187	22 990	24 381

Arrangement	2021	2022	2023
For barn	75	78	63
Besøkjande	1 881	2 417	1 949
For vaksne	24	29	22
Besøkjande	288	268	250

Andre kulturføremål

Kultur jobbar innafor eit breitt oppgåvefelt, og har ansvar for blant anna kontakt mot frivillige lag og organisasjonar, rådgjeving og saksbehandling for tilskotsordningar, kulturarv m.m.

Tilskotsordningar

Tilskotsordning	Tal mottakar/ søkjjarar/tiltak	Totalt kroner
Kommunalt driftstilskot – musikk	7	85 000
Kommunalt driftstilskot – idrett	8	130 000
Kommunalt driftstilskot – barne- og ungdomsorganisasjonar	7	113 000
Kommunalt driftstilskot – kultur og idrettsbygg	3	337 000
Kommunalt driftstilskot – museum	2	97 016
Spelemidlar – søknader idrett og fysisk aktivitet (1)	5	7 150 000
Spelemidlar – kulturbygg (2)	1	2 181 000
Fond kraftkontrakten (3)	14	1 924 000
Den kulturelle skulesekken – DKS	15	106 531
Den kulturelle spaserstokken – DKSS	22	106 000
Høyland's legat	1	75 000

(1) – 2 nye søknader for idrett, og 3 fornya søknader.

(2) – 1 fornya søknad.

(3) – søkjarar i 2023 er 36. Tala over visar søknader som har fått tildeling

Oppgåve	Utført	Ikkje fullført 2023
Dagsturhytta på Leiteshaugen	Mindre vedlikehaldstiltak ved seniorgjengen	Universell tursti, vedlikehald, tilsynsrutinar mm.
Retningslinjer tilskotsordningar	Arbeid med revidering av retningslinjene starta på.	Vedtak av nye retningslinjer.
Kulturaksen	Ope møte om disponering av arealet, som resulterte i skisse til disponering av arealet.	
Sandvik Friluftsområde	Starta arbeidet med å søkja om statleg sikring av friluftsområdet.	Søknad sendt januar 2024.
Bibliotekplan	Ikkje starta på i 2023	Skal fullførast i 2024
Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Mykje materiale er henta inn, men må bli oppdatert.	Skal fullførast i 2024
Plan for friluftslivets ferdselsårer	Mykje av digitaliseringsarbeidet med turstiane er utført	Skal fullførast i 2024

Kultur- og frivilligprisen 2023 vart tildelt seniorgjengen i Etne Idrettslag, for innsats dei har gjort for idrettslaget og lokalsamfunnet.

UKM vart arrangert i samarbeid med Vindafjord kommune, og gjekk av stabelen i Ølen. Framover er det avtalt at arrangementet blir annakvart år i Etne og Vindafjord, og i 2024 er UKM i Etne.

Prosjektet «Digitalisering og formidling av negativarkivet etter Willum Ekrheim» vart avslutt 31.12.2022, men i 2023 har arbeidet med å få lagt til informasjon om dei enkelte bileta fortsett. Dette er eit omfattande arbeid som medlemmer i Etne sogelag utfører, og dei vil jobba vidare med dette også i 2024.

På lokalhistorisk arkiv vart det gjort eit arbeid for å få oversikt over kva som finst av materiale, og me har fått inn nytt materiale til arkivet. Etne kommune har blant anna overtatt heile negativarkivet til Øyjord Foto, Sogelaget har levert inn materialet og me har mottatt materiale frå privat personar. Framover vil det blir jobba med å få betre oversikt over arkivet. Arkivet skal vera tilgjengeleg for publikum, og det vart enkelt personar som nytta seg av dette. Det vil også vera aktuelt materiale som kan nyttast i samband med fullføring av Etne-soga, og det same vil gjelde for negativarkivet er Willum Ekrheim.

Bygdeboknemnda og kultureininga fortset arbeidet med fullføring av Etne-soga. For perioden april til desember var det tilsett ein bygdeboksekretær i 10%, og hovudoppgåva var å hjelpa bygdeboknemnda i arbeidet med å organisera innsamling av munnleg materiale frå dei ulike krinsane. Dette blir gjort gjennom intervju av enkeltpersonar. Arbeidet med intervju starta i 2023, og vil fortsetja i 2024.

Samarbeidsprosjektet som vart etablert av kommunane i Sunnhordland i 2022 for å styrka kommunane sin kompetanse på kulturmiljøfeltet, og styrka den regionale bygningsvernkompetansen vart avslutta i 2023. I 2023 var det oppstart av eit nytt samarbeidsprosjekt «Framtid for kulturhistoriske sjøbruksbygningar i Sunnhordland, med prosjektperiode juni 2023 til juni 2025. Prosjektet er finansiert av Riksantikvaren.

5.4 PPT

PP-tenesta for Etne og Vindafjord er sakkunnig organ knytt til opplæring heimla i barnehagelova kap VII §33 «Spesialpedagogisk hjelp» og opplæringslova kap 5 §5-6 «Spesialundervisning». PP-tenesta har oppgåvene knytt til 13 barnehagar, 11 skular og vaksenopplæring på grunnskuleområdet for elevar med spesialpedagogiske behov. I Vindafjord er fem barnehagar og fem skular organisert i oppvekstsenter.

Tenesta skal hjelpe barnehagar og skular med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for barn/elevlar med særlege behov. Som førsteprioritet skal tenesta syta for at det vert utarbeidd sakkunnige vurdering der lova krev det.

Det er 7,1 årsverk knytt til tenesta, der 0,5 årsverk er knytt til utøvande logoped. 0,8 årsverk merkantil funksjon er knytt til Service- og fellestenesta. Dei tilsette har kontorstad på rådhuset i Vindafjord. Pr. 31.12.2023 hadde PP-tenesta 328 aktive personsaker knytt til Etne og Vindafjord kommune.

Økonomi

Tenesta har eit samla overforbruk på ca 160 000 kr. Det er i liten grad nytta vikar ved sjukefråvære.

Sjukefråvær

Akkumulert sjukefråværet er på 4,63 med måltal 3%. Langtidsfråværet er på 2,84 %, korttidsfråværet 1,79 %.

Utvikling

Nøkkeltal nasjonalt	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Sakkunnig vurdering barnehage*	3,2 %	3,3 %	3,4 %	3,6 %	3,4 %	
Sakkunnige vurdering skule	7,81%	7,81%	7,70%	7,80%	8,0%	8,1%

Nøkkeltal Etne	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Antal personsaker Etne	106	92	83	94	99	108
Sakkunnige vurderingar barnehage	4,05%	4,11%	3,94%	3,80%	5,5%	5,14%
Sakkunnige vurderingar skule	8,9%	10,28%	10,91%	9,18%	9,0%	8,46%

For barnehage er tala i høve til barnetal i kommunen. Nøkkeltala skule er pr. 01.10.2022 og barnehage pr 15.12.2022.

Oppsummering og vurdering

PPT har levert 143 sakkunnige vurderingar i 2023 til Etne og Vindafjord. PP-tenesta nyttar i stor grad tid til utgreiing av behov og rettleiing til barnehagar og skular, både i individ og systemsaker. Målet for både Etne og Vindafjord kommune er at utviklinga av tal sakkunnige vurderingar skal fylgja nasjonalt nivå. Gjennom høg kvalitet i det ordinære tilbodet, både i barnehage og skule, vil behovet for spesialpedagogiske tiltak verta redusert.

PP-tenesta er med i arbeidet for tidleg innsats og førebygging. Kvar barnehage og skule har ein PP-rådgevar som fast kontaktperson og samarbeidspart. Det vert sett opp plan for samarbeidet og helsesjukepleiar er med i det systematiske samarbeidet to gonger pr. halvår. PP-rådgevar er fast deltakar i barnehage og skule sitt ressursteam. Tenesta har delteke i læringsmiljøprosjektet «Bry deg» saman med tre skular i Vindafjord kommune. ASK-nettverk (alternativ og supplerande kommunikasjon) på tvers av dei to kommunane er vidareført. PP-tenesta har dette året hatt ein liten nedgang i etterspurnad for individbaserte tenester gjennom bestilling for utgreiingar og sakkunnige vurderingar. Sakkunnige vurderingar har etter lova første prioritet. Det har vore auke i etterspurnad etter systemsaker. Dette er saker knytt til læringsmiljø og kurskompetanse til tilsette. Det ei utfordring å auka innsats for fleire barn/elevlar med vekt på inkludering, likeverd og tilpassa opplæring gjennom intensive og systematiske tiltak i det ordinære, på same tid som det vert tilvist mange individsaker og bestilt mange sakkunnige vurderingar.

Både Etne og Vindafjord er BTI-kommunar (Bli Z i Etne). Stafettloggen følger tilvisingar til PP-tenesta. Mandatet for PP-tenesta vert frå 01.08.24 utvida i ny opplæringslov. Statped skal også overføra fleire av oppgåvene sine til kommune og PPT. Dette vil krevja høg spisskompetanse og utfordra tenesta dersom stillingsvolumet er på nivå som i dag.

PPT deltek aktivt med Etne og Vindafjord kommune, HVL og NLA Høgskulen i "Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis". Det vert søkt om hovudprosjektmidlar. Etne kommune samarbeider med andre kommunar i Vestland om syns- og audiopedagogisk teneste.

5.5 Barnevern

Etne Vindafjord barnevernsteneste har i løpet av 2023 fått auka bemanning i form av at det er blitt stilt krav til arbeid i høg stillingsprosent, tilsette er tilbake frå permisjon og ein har fått tilsett i ledige stillingar. Nytilsette er ein ressurs, men det er også trong for omfattande opplæring og oppfølging, i ein kvardag som allereie er prega av stor tilkomst av saker og høgt arbeidspress.

Halvårsrapporteringar til Statsforvaltar syner til at tenesta driv innafor lovkrava. At tenesta har forsvarleg og fagleg god drift vart styrka ved at tilsyn med fosterheimar september 2023 avdekkja ingen lovbrøt, og gav tenesta gode tilbakemeldingar. Statsforvaltar la fram i sin tilsynsrapport at dei fann at det var gjort fleire viktige kvalitetsmessige betringar det siste året, som var godt etablerte i drifta.

Leiargruppa har jobba målretta med oppfølging både på gruppenivå og individuelt for å halda oppe gode nærværstal, og sjukefråværstala speglar dette på ein tydeleg måte.

Tenesta har fokus på å vera kreative i høve til hjelpetiltak i heimen for å betre borna og familien sin situasjon, og å unngå brot/flytting. Dette er eit arbeid som er givande, men ressurskrevjande og ein må pårekna ein viss feilmargin i høve til om tiltaka har tenkt effekt.

Utvalde nøkkeltal per 31.12.23

Meldingar	205
Ferdigstilte undersøkingar	86
Barn med hjelpetiltak i heimen	72
Ungdom som mottar ettervern etter fylte 18 år	16
Barn under omsorg	16
Antall frivillig plasserte	4
Akutt plasserte med samtykke	0
Akutt plasserte utan samtykke	0
Totalt i tiltak	108

Viktige hendingar:

- Ny barnevernlov tredde i kraft 01.01.23. Enkelte lovendingar tredde i kraft i 2022, som til dømes at retten til ettervern vart utvida frå 23 til 25 år.

- Endringa i den økonomisk ansvarsfordelinga mellom stat og kommune tredde i kraft 01.01.22. Kommunane er nå meir eller mindre heilt ansvarlege for utgiftene sjølv. Dette får store konsekvensar i einstilte saker i høve til tenesta sin økonomi.
- Tenesta er med i eit felles anbod om nytt fagsystem, drive fram av Digi Rogaland og med Sandnes som vertskommune. Det er svært viktig at Etne Vindafjord får på plass eit nytt fagsystem i løpet av 2024. Leverandøren me nyttar i dag leverer ikkje lenger tenester for barnevern og me nyttar eit utgått program. Implementeringsprosessen vil bli omfattande både økonomisk og i høve til verknaden på drifta. Dette vil koste både tid og pengar. For ein periode vil det vera naudsynt å ha lisensar på to program samstundes og ein må forvente overtid for tilsette i samband med opprullinga av nytt system.
- Det vil bli lagt fram ein tilstandsrapport for Etne Vindafjord barnevernteneste april 2024. Dette er ei god heilskapleg skildring av Etne Vindafjord barnevernteneste og leiari ynskjer at ein les den økonomiske årsmeldinga og tilstandsrapporten saman.

Status økonomi med kommentarar:

2023 var eit krevjande år med utskifting i personell, eit auke i tilkomst av bekymringsmeldingar og eit auke i omfang av alvorlege og kostbare saker. Samstundes har ein stadfesta at tenesta har ei sunn drift målt ut i får dei viktigaste parameter, inkludert økonomi. Eininga når lovkrav og har forsvarleg drift på fleire sentrale område innafor vedteken budsjettamme.

Endring i den økonomiske ansvarsfordelinga mellom stat og kommune, gjer at refusjonsordningane er fjerna eller eigenandelane er blitt så høge at kommunen må rekne med store utgifter. Til dømes: Ein får ikkje lenger refusjon for forsterka fosterheimar/familieheimar og eigenandelen på ein institusjonsplass er 180 000 kr pr. mnd. Dette vil seia, at endå meir enn før, vil plasseringar utanfor heimen vera svært kostbare for kommunen.

Overforbruket totalt sett på omlag 2,5 millionar skyldast i all hovudsak einstilte saker som gjev meirforbruk på omfattande tiltak i heimen eller frivillige plasseringar. Det er ei generell utvikling at blant dei om lag 100-120 sakene me jamt har hatt aktive er fleire av sakene nå er rekna som meir alvorlege, enn tidlegare. Ressursbruken både for dei tilsette og økonomisk aukar i takt me alvorsgraden.

Korte kommentarar til nettoavvik – kulepunkt med hovudårsakar:

2440 – barnevern administrasjon: Overforbruk 122 088 kr.

Vert fordelt 70/30 mellom Vindafjord og Etne.

- Annonser i samband med tilsetjingar: 129 000 kr
Eit svært vellukka tiltak.

2510 – tiltak i heimen Vindafjord: Overforbruk på 4 568 383 kr.

Må sjåast i samband med underforbruket på tiltak utanfor heimen.

- Overforbruket er i hovudsak i samband med frivillige plasseringar utanfor heimen.

2511 – tiltak i heimen Etne: Mindreforbruk 9 816 kr

- Ikkje noko særskilt å merke.

2520 – tiltak utanfor heimen Vindafjord: Mindreforbruk på 2 139 060 kr.

- Færre omsorgsovertakingar. Eit overtal av plasseringane utanfor heimen i 2023 har vore basert på frivilligheit, og såleis vert utgiftene lagt på 2510.

2521 – tiltak utanfor heimen Etne: Mindreforbruk 29 712 kr

- Ikkje noko særskilt å merke.

I 2023 har ein betydeleg del av dei mest kostbare sakene vore frå Vindafjord kommune. Det ser ein igjen i forbruk og rekneskap.

Tiltak for betre økonomistyring- og resultat:

- I budsjettet for 2024 er det forsøkt gjort ei betre fordeling av midlar mellom 2510/2511 og 2520/2521 i samsvar med det som har vore forbruket dei siste åra.
- Enkeltsaker i tenesta får oppretta prosjektnummer når dei gir utgifter. Leiargruppa i tenesta har jamlege gjennomgang på dei ulike prosjektnumera for å halda kontroll med utgiftene og vurdere kostnadssparande tiltak.
- Miljøteamet i tenesta reduserer kraftig utgiftene knyt til kjøp av tenester frå private aktørar.
- Leiar utreier ulike moglegheiter for statleg refusjon i særskilt kostbare enkeltsaker, samt innhenting av IMDI midlar i saker vedr. flyktningar.

Oppsummering sjukefråvær 2023:


Måltalet for barneverntenesta er på 5%. Samla tal for sjukefråværet for 2023 er 6,33 %. Talet for 2022 var på 5,51 %.

Sjukefråvær på kort sikt vart 1,03 %. Og sjukefråvær på lang sikt vart 5,31 %.

Tenesta er godt nøgde med desse sjukefråværstala.

Det har vore sett inn trivnadsfremjande tiltak for heile gruppa, prosessretteiing i gruppe og jamleg rettleiing til den einskilde frå leiar og fagleiarar. Leiargruppa har tru på at ein kombinasjon av gruppetiltak og individuell merksemd vidare er viktig for å halda på desse nærværstala. Samt at ein får på plass folk i alle stillingar slik at ikkje kapasiteten til dei tilsette blir pressa over tid og for stor slitasje oppstår.

Sjukefråværsstatistikk 2015-2023:



5.6 Budsjett aksjonar

MÅL	Måltall	K.plan	Startdato	Sluttdato	Status	Kommentar
Oppvekst og Kultur						
Felles for oppvekst						
Me skal arbeida for at barn og unge utviklar ei god fysisk, psykisk og sosial helse.		2.1				
Me skal arbeida for at alle barn og unge får utnytta ressursane sine og bli godt inkluderte i det ordinære opplegget i barnehage, skule og SFO.		2.2				
Me skal arbeida førebyggjande mot mobbing, overgrep, rusmisbruk, vald og kriminalitet. Det skal vera null-toleranse for mobbing. Me skal oppretthalda politiråd, SLT og vidareføra samhandlingsplan med politi.		2.3				
Me skal arbeida tverrfagleg og i samarbeid med heimane for å hjelpa familiar, barn og unge som treng ekstra oppfylgning.		2.4				
Det generelle fråværet knytt til sjukdom i personalet i sektoren går ned.		8.6				
Målindeikator						
Auka tal aktivitetsplanar knytt til mobbing i barnehage og skule	Måling juni og desember		01.01.2023	05.12.2023	100 %	Teljing i løpet av året.
Ein god start, ei auke i lærartettleiken for dei yngste i skulen.	GSI		01.10.2023	01.11.2023	100 %	Treng ennå flytta meir frå dei eldste.
Sikra ein god overgang mellom barnehage og skule.	Måling september. Evaluering i barnehage og skule		01.09.2023	01.11.2023	100 %	Evaluering av gjeldande plan - ny plan er laga.
Auka delen av lærartimar til ordinær opplæring i skulen. Utrekna her er forholdet mellom sum årstimar og timar til ordinær undervisning.	Ei auke		15.08.2023	20.10.2023	100 %	Måling oktober ved bruk av GSI
Delen fråvære knytt til sjukdom i sektoren går ned.	Måling kvar månad				100 %	Gjeld våren 2024
Gjennomføra «Ung i Etne» for elevane i 7. trinn	Vår 2024				100 %	Gjeld våren 2024

Mål for Skule						
Skulen skal ha høge ambisjonar og eit godt læringsmiljø som sikrar at alle elevane får utnytta sine moglegheiter		2.7				
Karaktersnittet skal liggja på eller over nasjonalt snitt. Dette gjeld både standpunkt- og eksamenskarakterar. Det er eit mål å auka talet på elevar som får minst 30 grunnskulepoeng		2.8				
Skulane skal arbeida systematisk med å skapa trygge elevmiljø gjennom mobbeførebyggjande tiltak og arbeid med MOT		2.9				
Målindeikator						
Del elevar som trivs, kjenner støtte frå lærar, meistring, arbeidsro, motivasjon og medverknad (Elevundersøkinga) skal aukast over tid.	Måling januar. Grønt nivå (4,1)		20.01.2023	01.02.2023	100 %	Måling etter elevundersøkinga
Ingen elevar skal oppleva mobbing (målt i Elevundersøkinga).	Måling januar. Grønt nivå		21.01.2023	02.02.2023	100 %	Ikkje tal i udir-statistikken. Dette er grunna lite grunnlag.
Grunnskulepoenga for elevane (karaktersummen ved avslutning for 10.klasse) viser ei positiv utvikling over tid.	Måling juni.		20.06.2023	20.06.2023	100 %	Måling etter endt skuleår, juni.
Brukarundersøking på SFO med fokus på tryggleik og trivsel.	Årleg. Presentasjon for SU		01.11.2023	01.12.2023	100 %	Deling i driftsutvalet og kommunestyret før sommaren 2023. Undersøkinga blir gjort i samanheng med ei undersøking av 5-dagar skule.
Mål for Barnehage						
Barnehagane skal ha eit godt læringsmiljø, tilsette med god fagleg kompetanse og høge ambisjonar. Etne kommune skal ha ein felles standard for tenester i dei kommunale barnehagane. Standarden skal sikra eit godt pedagogisk tilbod.		2.5				
Full barnehagedekning for alle barn 0-6 år, med minimum 2 opptak i året.		2.6				
Målindeikator						
Del nøgde brukarar skal aukast over tid (Foreldreundersøkinga til Udir) knytt til samarbeid om læring og utvikling, trivsel, relasjon barn og vaksne og deling av informasjon. Foreldreundersøking anna kvart år.	Måling i januar. Grønt nivå.		20.01.2023	10.02.2023	100 %	Måling etter brukarundersøking, anna kvart år.
Ingen barn skal oppleva krenking eller mobbing i barnehagane.	Måling januar. Grønt nivå.		20.01.2023	10.02.2023	100 %	Teljing av aktivitetsplanar, dialog med barnehagane på systemarbeid.

Mål for Kultur						
Kulturskolen skal ha eit variert og godt kjent tilbod.		3.1				
Turstiar skal registrerast i kart som vil vera tilgjengelege via kommunen sine nettsider. Arbeidet skjer i samråd med grunneigarar.		3.2				
Me skal i saman med andre aktørar ta vare på og utvikla eksisterande og nye friluftsliv- og		3.3				
Kommunen skal vera aktiv med å leggja til rette for, og støtta opp om, kultur- og idrettsarrangement.		3.4				
Biblioteket vert nytta som ein arena for samfunnsinformasjon og debatt.		3.5				
Kommunen byggjer opp om frivillig arbeid kring kulturen og er positiv til private initiativ. Initiativ til å ta vare på, og formidla, kulturhistoria og frivillig arbeid for uorganisert ungdom er særleg ynskta tiltak.		3.6				
Me arbeider for vidareformidling og opplysningsarbeid for den kulturelle arva. Barn og unge er særleg målgrupper for formidlingsarbeidet.		3.7				
Målindikator						
Fullføre planarbeid innan kultur - kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, kulturminneplan og bibliotekplan. Det er også eit mål å laga ein overordna kulturplan.	Planar er ikkje ferdige		01.01.2023	01.12.2023	60 %	Kulturminneplan ferdig. Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet og bibliotekplan er under arbeid.
Vidare arbeid med turkart-prosjektet.	Plan er ikkje ferdig		01.02.2023	01.01.2025	60 %	Gjenstår å avklara parkering, gjera avtalar med grunneigarar, skilting. Må spela på lag med utvikling i dette arbeidet. Omlag 60 turar er digitalisert, men må kvalitetssikrast. Må laga ein plan for kva turar me skal skilta/merka.
Sikra lokalhistorisk materiale (K-059/18)	Arbeid ferdig		01.01.2023	01.12.2024	80 %	Arbeid i samarbeid med fylket. Vil oppmoda om å levera inn lokalhistorisk materiale.
Del nøgde brukarar i kulturskolen skal aukast over tid (Brukarundersøking) knytt til samarbeid om læring og trivsel, relasjon barn og vaksne og dialog og deling av informasjon. Brukarundersøking anna kvart år.	Undersøkinga er ikkje gjort.		20.01.2023	01.03.2023	60 %	Men auke i elevar.

6. Helse og Omsorg

6.1 Innleiing

Overordna mål frå kommuneplanen: «Me skal vektleggja førebygging og folkehelse, det er eit mål at den einskilde skal ta vare på eiga helse. Det offentlege tenestetilbodet skal sikra eit likeverdige tilbod i alle livsfasar.»

Det har vore eit år med mykje aktivitet, men ledige stillingar og fråvær i sentrale roller, har utfordra måloppnåinga. Nokre av oppgåvene er overført til 2024.

Som ein del av arbeidet med oppvekstreforma vart det gjort avtale om samarbeid med Vindafjord kommune om felles familieteam i 2023. Oppstart vart utsett til 2024.

Den første planen for bustadsosialt arbeid er jobba fram av tverrfagleg samansett gruppe hausten 2023. Planen skal til politisk behandling i første del av 2024.

Sektoren søkte KS om å få delta i Tørn-piloten, og 3 avdelingar starta opp hausten 2023. KS har finansiert 20% ressurs til prosjektleiar i kommunen. Dette er eit svært positivt prosjekt som skal hjelpe oss å rigge tenestene for å kunne møte demografiendringa dei neste åra. Prosjektet fortset ut 2024.

Kommunen vart oppmoda om å ta imot 20 flyktningar i 2023, og me har rigga tenesteapparatet for å kunne levere tenester etter fleire år med nedjustering av tenestenivået.

Sektoren har hatt fokus på laget i helse og omsorg, og det har vore gjennomført faste møtepunkt med tillitsvalde og verneombod på alle nivå. Det har vore spesielt fokus på sjukefråvær, avvik, HMS og utviklingsarbeid i møtepunktta.

Sjukefråværet i sektoren var 7,4%. Dette er betre enn tidlegare år og me vil fortsetje å ha fokus på å førebygge fråvær.

Det økonomiske resultatet er eit meirforbruk på om lag 4,3 mill. Mykje av meirforbruket er knytt til lønn, bruk av vikarbyrå og auka kostnad for interkommunale samarbeid.

6.2 Helse

Eining helse har fokus på å levera fagleg forsvarlege helsetenester gjennom å følgja nasjonalfaglege retningslinjer for drift av helse- og omsorgstenestene.

Eininga har delteke i utviklingsarbeid i samarbeid med oppvekstsektoren i tillegg til egne prosjekt.

Eininga hadde eit sjukefråvær på 5,04%.

Det har vore vakansar og fråvær som har ført til noko mindre kapasitet i fysioterapitenesta og helsestasjon deler av året, og det har vore behov for å prioritere oppgåver.

Eininga har eit meirforbruk på kr 856 406 som er knytt til mellom anna bruk av vikarbyrå for fastlege i 6 månadar ved utdanningspermisjon.

6.2.1 Helsestasjon, skulehelseteneste og jordmortenesta

Aktivitet	01.01.2023-31.12.2023
Fødsjar	28
Barn (0-5 år) med behov for oppfølging utover ordinære konsultasjonar	39 av 245
Barn (5-16 år) med behov for oppfølging utover ordinære konsultasjonar	87 av 609
Helsesamtalar til flyktningar	18

Tenesta gir konsultasjonar til barn, unge og deira familiar, har møtetid i skulehelsetenesta, føl opp pårørandearbeid og nettverksbygging og kompetanseheving og bidrar i kommunale satsingar som t.d Bli Z. Tenesta har mål om følge nasjonalfaglege retningslinjer for svangerskapsomsorg, helsestasjon- og skulehelseteneste.

Det er 3,39 årsverk i tenesta. Frå august har det vore ledig 100% stilling som helsesjukepleiar. Det vart ikkje rekruttert til stillinga då det var behov for å vurdere ei justering av ressursar til helsestasjon. Noko av grunnlaget for justeringa var behov for å prioritere ressursar til interkommunalt familieteam som var eit av tiltaka i oppvekstreforma. Det vart lyst ut og rekruttert til ein 90% stilling som helsesjukepleiar med oppstart februar 2024. Det har gjennom året vore sjukefråvær i tenesta, og saman med vakans, har dette ført til eit behov for å prioritere oppgåver. Det har vore noko redusert tid til arbeid med utviklingsoppgåver og samhandling på systemnivå. Det har òg vore noko reduserte trefftider/kapasitet i helsestasjon og skulehelsetenesta.

Psykisk helseteam for ungdom vart avvikla dette året, og konsultasjonar inngår nå i ordinær drift. Nokre av oppfølgingsoppgåvene kan bli utført av interkommunalt familieteam.

Digihelsestasjon blei implementert i mars 2023. Dette er ein meldingsteneste mellom helsestasjons- og skulehelsetenesta og innbyggjar. Her kan innbyggjar på ein sikker og trygg måte sende og motta meldingar, få oversikt over avtalar, ta imot varslingar og få relevant informasjon.

Det har vore gjennomført arbeid knytt til overgang til digital journal, og dette arbeidet er ferdigstilt.

Jordmortenesta er lokalisert i Etne med ein 20% ressurs. Den fungerer godt med ei erfaren jordmor som har resten av sitt arbeid i ein annan kommune. Dei gravide tek kontakt tidleg nok som er ein anbefaling i retningslinjer. Dette fører til fleire konsultasjon enn tidlegare, og omlag 98 % ønskjer heimebesøk av jordmor etter fødsel. I periodar med mange oppgåver, så har det ikkje blitt prioritert besøk fra jordmor til friske fleirgongsfødande.

Vaksinasjonsarbeid

Helsestasjon har i samarbeid med kommuneoverlege ansvar for å gjennomføre vaksinerings til innbyggjarane våre. Det har vore tilbod om vaksinasjonsdagar for innbyggjarar i Etne og Skånemark.

6.2.3 Psykisk helse og rustenesta

Aktivitet	01.01.2023-31.12.2023
Tilvising	195 stk
Aktive brukarar i løpet av året	137
Arbeid og aktivitet	30 stk

Det var pr. 31.12.22 4,2 årsverk i tenesta. 2 årsverk til samtale, 1,5 årsverk til arbeid og aktivitet/miljøarbeid, 0,5 årsverk til arbeid med rus, og 0,2 årsverk til administrativ fagleiing. Tenesta har kontor i Etne og Skånepvik. Kontora i Etne vart renoverert våren 2023.

Det har vore noko kortvarig sjukefråvær i tenesta, men oppgåvene har blitt handtert, og drifta har vore fagleg forsvarleg. 137 innbyggjarar har hatt tilbod frå psykisk helse- og rustenesta i 2023.

Arbeid og aktivitetstilbodet til tenesta har hatt godt oppmøte, og har gjennomført ulike aktivitetar gjennom året. Eit av høgdepunkta vart då me i samarbeid med frivilligsentralen fekk tildelt tilskot frå Sparebanken vest til å bygge drivhus. Det vart òg gitt tilskot til frivilligsentralen for kjøp av båt som arbeid og aktivitet får disponere til ulike aktivitetar.

6.2.4 Psykososialt kriseteam

Teamet består av 3 spesialsjukepleiarar frå psykisk helse- og rustenesta, 2 helsesjukepleiarar frå helsestasjon og skulehelsetenesta, kommuneoverlege, sokneprest og politi. Einingsleiar helse er leiar av psykososialt kriseteam. Rutine for psykososialt kriseteam vart evaluert sommar 2023 og sendt ut til samarbeidspartar. Ingen aktiveringar i 2023.

6.2.5 Ergo- og fysioterapitenesta

Kommunen har 2,6 årsverk kommunal fysioterapeut og 2*100% driftstilskot til private fysioterapeutar. I tillegg har tenesta 0,8 årsverk med kompetanse som ergoterapeut. Ein fysioterapeut sa opp stillinga si og slutta i oktober 23. Det er rekruttert inn ny fysioterapeut i stillinga som startar 01.04.24. Dei kommunale ergo- og fysioterapitenestene har vore lokalisert både i Etne og Skånepvik omsorgssenter. Det er gjennomført fast samarbeidsutval mellom kommunal fysioterapiteneste og fysioterapeutar med driftstilskot.

Aktuelle 2 fysioterapeutar med driftstilskot sa opp sine avtalar sommar 23. Det vart rekruttert inn 2 nye fysioterapeutar i driftstilskot haust 23 som skal overta kvart sitt driftstilskot frå 01.04.24.

Det har vore gjennomført regelmessig samarbeidsmøter om «venteliste» mellom kommunal fysioterapi og private fysioterapeutar med driftstilskot, slik at innbyggjarar skal få hjelp uavhengig av om det er kommunal eller privat fysioterapeut. Det var pr. 31.12.23, totalt 48 henvendingar på venteliste i kommunal teneste. Dette både behov for fysio og/eller ergoterapi oppfølging, kvardagsrehabilitering eller hjelpemiddelformidling.

Alle innbyggjarane som fylte 80 år i løpet av året har fått tilbod om førebyggjande heimebesøk og dei fleste innbyggjarar som har fått tilbod har teke i mot dette. Fleire av innbyggjarane er vurdert inn mot kvardagsrehabilitering og 6 innbyggjar har mottatt tenesta.

6.2.5 Frisklivstilbod

Etne kommune har i dag ein integrert modell for friskliv, læring og meistringstilbod. Det vil seia at helsestasjon, psykisk helse og rustenesta og ergo-/fysioterapi-tenesta arrangerer tilboda. Fysioterapeut koordinerer arbeidet.

Omgrepa friskliv, læring og meistring omfattar førebyggjande, helsefremmande og det å læra og leva med ulike helseutfordringar. Tilboda kan vere individuelle og i grupper. Det har vore gjennomført gruppetrening og kurs, og det har vore tilbod om helsesamtalar på individnivå.

6.2.6 Fastlegeordninga

Det er 7 fastlegeheimlar i kommunen, og alle heimlar er rekruttert inn i. 1 av våre fastlegar gjennomførte sin spesialistutdanning i allmenntidmedisin i 2023. 4 av 7 fastlegar har nå spesialisering i allmenntidmedisin. 3 av 7 er i spesialiseringsforløp.

Ein av legane har hatt 6 månadar utdanningspermisjon, og det har vore vikar inne frå vikarbyrå. Dette førte til eit meirforbruk.

Ein av fastlegane har sagt opp sin avtale og vil avslutte med kommunen 30.april 2024.

Den økonomiske samarbeidsavtalen 2013-2023 mellom kommunen og fastlegane skulle vore reforhandla i 2023, men avtalen var ikkje ferdig forhandla før 2024. Kommunen har fått auka inntekt i den økonomiske ramma for fastlegeordninga.

6.2.7 Interkommunal legevakt

Etne og Vindafjord interkommunale legevakt, lokalisert i Ølen, har som hovudoppgåve å handtere alle medisinske nødstilfelle og behov for strakshjelp til befolkninga som til ein kvar tid oppheld seg i kommunane. Interkommunal legevakt sikrar dette ved å ha tilstadevakt av lege og sjukepleiar kvardagar frå 15.30- 23.00 og 08.00-23.00 i helg/høgtid. Lege har raud respons vakt etter kl 23.00. Vaktbelastninga for legane er fordelt mellom dei to kommunane etter avtale. Haugesund legevakt handterer telefonhendingar til legevaktstelefon 116 117. Telefonhendingar blir registrert i felles journalsystem i legevakta si opningstid som sikrar god informasjonsutveksling.

Legevaksavtalen vart reforhandla og var gjeldande frå januar 2024. Meirforbruket til legevakt skuldast i hovudsak endringane i avtalen. Elles er det ei stabil drift.

6.2.8 ØHD

Tenesta er ei lovpålagt kommunal teneste frå 2016 og kommunen har frå 1.1.20 kjøpt tenesta av Tysvær kommune. ØHD er lokalisert i Tysværtunet. Det er legevakt eller fastlege som kan leggja pasientar inn i dette tilbodet etter gitte kriterium.

Det har vore eit år med mange liggedøgn hos ØHD. Nokre av liggedøgna må sjåast i samanheng med at det i periodar har vore manglande ledige rom til korttidspasientar i institusjon.

Det har vore gjennomført 2 samarbeidsmøte mellom kommunen og Tysvær kommune.

Oversikt over bruk av tenesta:

	2020	2021	2022	2023
Tal pasientar	12	17	10	28
Tal liggedøgn	45	57	26	140

6.2.9 Miljøretta helsevern

Etne har ein interkommunal samarbeidsavtale med Sauda om kjøp av tenester innan miljøretta helsevern. Sjå eigen årsmelding.

6.2.10 Kommuneoverlege

Kommuneoverlegen si rolle er å vera medisinsk fagleg rådgjevar for helsetenesta, administrasjonen og politiske organ (jf. § 5-5 i lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.). Fokusområda til kommuneoverlegen er knytt til smittevern, miljøretta helsevern, medisinsk fagleg rådgjeving, helse- og sosialberedskap, samt tvungen psykisk helsehjelp. Kommuneoverlegen har ein 50% stilling i kombinasjon med fastlegejobb.

Kommuneoverlegen deltek i strategisk leiargruppe og leiargruppa til helse og omsorg. Kommuneoverlegen er sentral i utarbeiding av folkehelseoversikt og helseberedskapsplanen for kommunen.

Kommuneoverlegen er i utdanningsforløpet spesialisering samfunnsmedisin.

6.2.11 Tenester for personar med funksjonshemming og miljøarbeidstenesta

Miljøarbeidstenesta yt tenester etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2-6a-b «*Helsetjenester i hjemmet*» og «*personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt*» og «*avlastning*». Tenesta er lokalisert i Gjerdsrabbane Bufelleskap som har 5 bustader med heildøgnsbemanning og 2 avlastningbustader i Gjerdsrabbane burettslag.

Miljøarbeidstenesta er ein av 3 avdelingar i helse og omsorg som deltek i KS sin Tørn-pilot. Det har vore fokus på ny arbeidsplan og det vart starta opp med årsturnus for dei tilsette dette året.

Sjukefråværet har vore omlag 6,1%.

Det er eit nokså stabilt tal med innbyggjarar som får helse- og omsorgstenester, men det er ein auke i omfang hos fleire. Dette er spesielt knytt til avlastningstiltak og «praktisk bistand og opplæring».

	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Praktisk bistand/opplæring	15	17	18	20	21	18
Praktisk bistand	7	10	7	6		1
Støttekontakt	14	17	16	15	13	12
Avlastning	2	2	4	4(+2)*	6	6
Koordinator	40	56	62	62	62	58
Omsorgstønad	4	4	4	7	7	5
BPA	1	1	1	1	1	1
Heildøgnsbemanna omsorgsbustad	5	5	5	5	5	5

6.3 Pleie og omsorg

Einingsleiar for heimebaserte tenester sa opp stillinga si dette året, og det vart derfor gjort ei ny vurdering av leiarstrukturen etter nokre månadar med to einingar; heimebaserte tenester og Institusjon og demensomsorg. Det vart rekruttert ny einingsleiar med oppstart november 2023 .

Sjukefråværet var 8,75%.

Økonomi: meirforbruk på 3,933 mill.

Heimetenestene i Etne og Skånevik hadde oppstart av årsturnus desember 2023.

Det har gjennom året vore periodar med venteliste på langtid institusjon, og det har vore krevjande å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus og ØHD. Dette har ført til ein auka kostnad til døgnmulk.

Manglande rekruttering og frávær har ført til eit meirforbruk på kjøp av vikartenester dette året. Det er spesielt heimetenesta i Skånevik som har hatt ekstra utfordringar med behov for vikarinneleige.

Velferdsteknologien på Etne omsorgssenter har utfordra drifta med feilmeldingar på mellom anna dører og låsesystem. Det har vore jobba med avklaring om utfordringane er reklamasjon, men det er nå gjennomført tiltak for å løyse utfordringane internt. Både eksterne leverandørar og interne tenester har samarbeidd om å finne rette tiltak og det meste var løyst i 2023.

2 avdelingar i eininga deltek i KS sin Tørn-pilot. Prosjektgruppa er samansett av leiarar, tillitsvalde og verneombod.

Tabellen under viser status for aktive brukarar 31.12.23. Det er ikkje noko stor endring i tal brukarar av dei ulike tenestene frå åra før, men det er ein endring i funksjonsnivå og behov for helse- og omsorgstenester hos heimebuande som ikkje kjem fram av tala. Me følg utviklinga og riggar for framtida.

Tabell syner tal på aktive tenester per 31.12.2023

	31.12.2018	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2021	31.12.2022	31.12.2023
Heimehjelp/praktisk bistand	40	54	50	55	48	47
Heimesjukepleie	116	101	105	116	113	124
Matombering og matabn.	22+0	18+17	20+16		26+15	24+20
Tryggleiksalarm	63	61	71	75	73	78
Dagtilbod til heimebuande	0	8	7	10	10	13
Omsorgstønad	1	1	1	1	3	5
Langtidsopphald institusjon	25/24	27/24	27/24	25/24(27)	24/26	24/26
Korttid/rehab	5/6	3/6	5/6	4/6	7/7	7/7
Bemanna omsorgsbustad	5/14	19/24	19/21 *1	19/19	19/19	19/19
Ubemanna omsorgsbustad			30/31	29/31	29/31	27/29
Omsorgsbustad: Privat med utpeikingsrett	3	3	3	3	3	3

*1: 3 av 10 bemanna omsorgsbustadar i Etne omsorgssenter er nytta som institusjon. 21 bemanna omsorgsbustader er inkludert 2 rom ved Skånevik omsorgssenter som kun blir nytta når det er stort behov hos innbyggjarar til mellombelse løysingar. Totalt tal utleige einingar som me planlegg utleige i er 19.

*2: 2 av omsorgsbustadene er nytta som avlastningsbustad for barn og unge.

6.3.1 Institusjon

Det har vore stort press på institusjonsromma dette året og det har kun i korte periodar vore ledig kapasitet. Dette har ført til utfordringar med å kunne ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus og ØHD. Dette har gjeve ein meirkostnad utover budsjett.

Bemanningsfaktoren på kveld vart styrka på avdeling 2 vart styrka 4 kveldar per veke jamfør budsjett, men det har ikkje vore mogleg å klare dette innanfor budsjetttramma.

6.3.2 Heimetenester og bemanna bu

Dei heildøgnbemanna omsorgsbustadane ved Etne- og Skånevik omsorgssenter er drifta av heimetenestene. Både Etne og Skånevik har hatt eit høgare omsorgsnivå enn det som er planlagt for i desse bustadane. Det har vore leigeavtalar på dei fleste bustadar til ei kvar tid gjennom året.

Det har vore ledig stilling som leiar frå juli til november.

6.3.3 Dagsenter for personar med demens

Dagaktivitetstilbodet er for dei som treng tilrettelagte aktivitetar for å klare å bu heime lengst mogleg. Tilbodet er lokalisert i Etne omsorgssenter 4 dagar per veke. Brukarane av tilbodet kjem frå heile kommunen og me har «hentetene» til og frå tilbudet. Dette er viktig for at brukarane skal oppleve tryggleik og ha eit ønske om å bruke tilbudet. Det har vore ca 10 brukarar av tilbudet til ei kvar tid.

6.3.4 Velferdsteknologi og digitalisering

I 2023 har Etne omsorgssenter fokusert på forbetring av velferdsteknologien som ikkje har fungert optimalt, som har ført til mykje uro både hos tilsette og pasientar. Det er gjennomført kartlegging av velferdsteknologien og fokus på å registrere avvik. Det er avdekka skeive pasientdører. Desse blir no utbetra saman med systemoptimalisering. Ny avtale med leverandør er gjennomgått og signert saman med Vindafjord og Karmøy i 2024. Eit brukarnettverk knytt til velferdsteknologi i institusjon er også etablert for erfaringsdeling og diskusjon saman med Vindafjord, Tysvær og Karmøy.

Framleis jobbast det med elektroniske medisineringsdispensarar med mål om at alle i leasingavtalen skal vera i bruk. Det kjem framleis meldingar om feil, særleg når det gjeld byte/skøyting av multidoserullar. Det blir arbeid aktivt med opplæring og rutinar knytt til dette.

Oppstart av arbeid med å skifte GPS/lokaliseringsteknologi-leverandør grunna rimelegare avtale og nyare GPS.

Kommunen har delteke i nettverk for velferdsteknologi saman med kommunane på Haugalandet og DigiVestland.

Digitalisering

Prosjektgruppe for Compilo – arbeidet med å overføra gjeldande rutinar og rettleiarar frå F: til kvalitetssystemet var starta i 2023. Skal fullførast i 2024.

DigiTeam (par) etablert.

6.4 NAV Vindafjord-Etne

NAV skal arbeida for å betra levevilkåra for vanskelegstilte slik at den einskilde får høve til å leva og bu sjølvstendig og ha eit meningsfullt liv i eit sosialt fellesskap. Vidare skal ein gi råd og rettleiing som kan bidra til å løysa eller førebyggja sosiale vanskar. NAV kontoret består av 26,2 faste årsverk. NAV Vindafjord-Etne har ansvar for statlege arbeids- og velferdsoppgåver, økonomisk sosialhjelp inkludert krisehjelp og mellombels husvære, kvalifiseringsprogrammet (KVP), FRAM, økonomisk rådgjeving, gjeldsrådgjeving, startlån og bustøtte gjennom Husbanken og Integreringstenesta.

Økonomisk sosialstønad

Dei auka levekostnadane påverkar alle grupper, noko som skaper nye brukarar for NAV. Personar med låg inntekt, både dei i arbeid og dei som har andre ytingar, er no i større grad representert blant sosialhjelpssøkjere, og det er ein tendens til auka behov for supplerande sosialstønad til personar som tidlegare klarte seg sjølv.

<https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/kunnskap/analyser-fra-nav/analyser-sosiale-tjenester/lavinntekt-og-levekar-i-norge.tilstand-og-utviklingstrekk-2022>

For Etne sin del så har det vore ein auke i utbetaling av økonomisk sosialstønad på rundt 0,7 mill. Det har vore ein auke i utbetalingar frå 2022 til 2023 på rundt 1,3 mill. Hovudårsaka til denne auken er busetting av flyktningar. Fleire flyktningar har blitt sosialhjelpsmottakarar, noko som påverkar utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Nye busette flyktningar er avhengig av økonomisk sosialstønad før dei startar i introduksjonsprogrammet og får utbetalt introduksjonsstønad. For dei ukrainske har dei rett på kortare program (6 mnd. + 6 mnd.) så alternativet for dei etter endt program er økonomisk sosialstønad om dei ikkje er kome i jobb og er sjølvforsørgera. Ein annan årsak er dei auka utgiftene i samfunnet. Me ser at fleire som tidlegare akkurat klarte seg, no har behov for hjelp då både mat, drivstoff og straumprisar er blitt dyrare. Me ser og ein auke i personar som har behov for nødhjelp, noko som tyder på at utbetalingane ikkje strekker til. Det har vore mindre kostnader til straum i 2023 enn i 2022, men utbetalingane er likevel dobla samanlikna med 2021. Talet på unge sosialhjelpsmottakarar og barnefamiljar held seg forholdsvis stabilt.

Etne 2021

Ansvar	Antall brukerar	Utbetaling	Barnefamiljar	Unge under 25 år	Krisehjelp	Strøm
1417	72	4,3 mill.	29 stk.	14 stk.	80.000	350.000
1418	4	130.000	2 stk.	0 stk.	0	10.000
Totalt	76	4,4 mill.	31 stk.	14 stk.	80.000	360.000

Etne 2022

Ansvar	Antall brukerar	Utbetaling	Barnefamiljar	Unge under 25 år	Krisehjelp	Strøm
1417	77	4,9 mill.	31 stk.	15 stk.	85.000	770.000
1418	14	0,5 mill.	4 stk.	3 stk.	1000	60.000
Totalt	91	5,4 mill.	35 stk.	18 stk.	86.000	830.000

Etne 2023

Ansvar	Antall brukerar	Utbetaling	Barnefamiljar	Unge under 25 år	Krisehjelp	Strøm
1417	75	5,3 mill.	26 stk.	15 stk.	96.000	660.000
1418	27	1,4 mill.	6 stk.	4 stk.	3000	10.000
Totalt	102	6,7 mill.	32 stk.	19 stk.	99.000	670.000

Tiltak og aktivitetsplikt

NAV sitt hovudfokus er å få folk i arbeid, og me jobbar aktivt for at ingen skal gå passivt på ytingar. Me ser at det å få folk i aktivitet og arbeidsretta tiltak er bra, og det har ein stor effekt når det gjelder å koma seg tilbake i arbeidslivet. Kommunane er pålagt å setja i gong tiltak som kvalifiseringsprogrammet (KVP) og aktivitetsplikt for sosialstønadsmottakarar under 30 år.

NAV kontoret etablerte FRAM hausten 2016, som eit tiltak for unge vaksne som mottar økonomisk sosialhjelp. I 2019 opna me opp for at andre aldersgrupper og ytingar som kunne ha god nytte av FRAM.

Hausten 2023 blei dette tilbudet satt på pause grunna interne ressursar. Det er uvisst om tilbudet vert starta opp igjen med same form, men me håpar å kunne tilby kortare kurs for nokre grupper.

Kategori	2021	2022	2023
Antall mottakarar av økonomisk stønad	76	91	102
Antall med økonomisk stønad som hovudinntekt	24	41	44
Unge mottakararar under 25 år	14	18	19
Mottakararar med forsørgingsplikt	31	35	32
Antall i kvalifiseringsprogrammet	8	8	4
Antall med § 17 vedtak (Råd og rettleiing)		18	7
Antall med § 27 vedtak (Mellombels bustad)		1	2

Tilsyn

Hausten 2022 hadde Statsforvaltaren i Rogaland tilsyn med NAV kontoret i kommunen. Tema for tilsynet var ansvaret Nav-kontora har for å ta vare på barn sine behov når familien søker økonomisk stønad. Statsforvaltaren undersøkte om Vindafjord kommune sørger for at arbeidet med kartlegging, vurdering, avgjerd og oppfølging av barnefamiljar vert utført i samsvar med aktuelle lovkrav slik at brukarane får trygge og gode tenester. Det vart funne avvik, og avvik og tilsynet vart lukka i 2023.

NAV - Integreringstenesta

Integreringstenesta er ein del av NAV Vindafjord-Etne, og er lokalisert ved Rådhuset i Ølen. Integreringstenesta jobbar med flyktningar i både Vindafjord og Etne. Integreringstenesta hadde 5,5 årsverk ved starten av året, men vart auka til 7,4 i løpet av året. Tenesta har oppfølging av busette flyktningar i inntil 5 år etter busetting. Oppfølginga inneber koordinering av introduksjonsprogram, arbeid og kvalifisering, busettingsprosessen og oppfølging kring bustad, fritid, familieliv, helse og anna miljøarbeid. Det har stadig vært lovendringar og nye ordningar å setja seg inn i knytt til flyktningar frå Ukraina

Busetting 2023

Etne kommune vart først oppmoda om å busetja 10 personar, men vedtok å busette 15 personar. I juni vart alle kommunane oppmoda om å busetje fleire, og Etne vart oppmoda om totalt 20 personar. Dette vart godkjent og vedteke i kommunestyret, innan årsslutt var oppmodingstalet nådd. Oppmodinga om å busetja flyktningar er ikkje knytt eller fordelt på landbakgrunn. I løpet av 2023 vart det busett personar frå Syria og Ukraina. Dei ukrainske flyktningane har kollektiv beskyttelse. Det kom i tillegg til dei busette, to personar på familiesameining i 2023. Flyktningane som har kome varierar i alder frå 6 til 77 år. Det vart i 2023 berre busett to barn. Andelen over 55 år vart høg, med sju personar.

Introduksjonsprogrammet

I Etne har 22 personar delteke i introduksjonsprogrammet i løpet av 2023. Totalt tre personar fullførte eller avslutta introduksjonsprogrammet i løpet av året. På grunn av eit lågt tal på personar blir ikkje resultat oppgitt.

Det har vært deltakarar i introduksjonsprogrammet integreringslova, der det er midlertidige reglar for fordrivne frå Ukraina. Det har blitt jobba godt med auka talet på praksisplassar for deltakarar i introduksjonsprogrammet, og ein større andel av deltakrane har gjennomført periodar med praksis i 2023 enn tidlegare år.

Det har blitt arrangert eit foreldrerettleiingskurs (ICDP) for deltakarar frå Ukraina i løpet av året. I tillegg har kommunen sertifisert to nye tilsette, der ein av dei er tilsett i integreringstenesta.

Viktige hendingar

Det var arrangert jobbmesse for innvandrar i mai. Dette vart eit fint møtepunkt mellom deltakarar i introduksjonsprogrammet og åtte ulike arbeidsgjevarar.

Integreringstenesta, biblioteket, frivilligsentralen og vaksenopplæringa har saman starta opp språkkafé på biblioteket annakvar torsdag.

Det vart arrangert eit julebord for seniorar i desember, der det mellom anna vart informert om frivilligsentralen sine tilbod. Dette har ført til at fleire av desse har byrja å gå fast på frivilligsentralen.

6.5 Budsjett aksjonar

MÅL	Måltall	K.plan	Startdato	Sluttdato	Status	Kommentar
Helse og Omsorg						
Me skal vektleggja førebygging og folkehelse, det er eit mål at den einskilde skal ta vare på eiga helse. Det offentlege tenestetilbodet skal sikra eit likeverdige tilbod i alle livsfasar.		Kap. 4				
Felles for helse og omsorg						
Utarbeida bustadsosial plan	100 %		01.12.2022	01.04.2024	100 %	Politisk handsaming april 2024
Kommuneoverlege/smittevernlege: Helseberedskapsplan inkl. smittevernplan	100 %		01.01.2023	01.12.2023	70 %	Er overført til politisk handsaming 2024
Utarbeiding av heilskapleg plan for helse og omsorg	100 %		01.06.2023	01.11.2023	0 %	Blir vurdert i planstrategien for neste periode
Oppstart av prosjekt knytt til arbeidsmiljø og sjukefråver i samarbeid med NAV-arbeidslivsenter.	100 %		01.01.2023	01.05.2023	100 %	Etter vurderingar saman med LTV-gruppa og arbeidslivsenteret, så vurderer me at innhaldet i Tørn-prosjektet vil vera med å bidra til eit betre arbeidsmiljø. Har derfor avslutta samarbeid med arbeidslivsenteret i denne omgong.
Heildøgntenester nyttar årsturnus	100 %		06.03.2023	06.03.2023	100 %	
Rekruttering av stilling for digitalisering, velferdsteknologi og systemansvar i helse og omsorg (Rådgjevar)	100 %		01.01.2023	01.02.2023	100 %	Oppstart 2.mai
Styrke tenestekontor med 30% stilling til sakshandsaming/fagleg leiar	100 %		01.03.2023	01.04.2022	100 %	Oppstart 20.mars
Endring av leiarstruktur i pleie og omsorg	100 %		01.01.2023	01.01.2023	100 %	
Brukarundersøking skal gjennomførast helse og omsorg	1 i løpet av året		01.11.2023	31.12.2023	0 %	Overført til 2024
Sjukefråver 6,5%- skal målast kvar månad	100 %		01.01.2023	31.12.2023	100 %	Målast kvar mnd i resultatrapportering. Nådde ikkje mål.
Oppstart rekrutteringstrategi for helse og omsorg	100 %		01.02.2023	01.09.2023	20 %	Mandat og organisasjon er laga. Kapasitet i organisasjonen har ikkje strukke til og den er derfor overført til 2024

Mål for Institusjon og demensomsorg					
Byggja nytt omsorgssenter i Etne i planperioden for å ta i vare sjuke i eigen heim når det ikkje lenger let seg gjera å oppretthalda ei forsvarleg helsesteneste i heimen		4.1			
Målordikator					
Pleiefaktor (tal pasientar/tilsette) institusjon avd 2	0,8		01.01.2023	31.12.2023	100 % Høgare grunnbemanning fra mars knytt til styrking av grunnbemanning innanfor økonomisk ramme
Pleiefaktor institusjon avd 1	1		01.01.2023	31.12.2023	100 % Ny turnus har høgare pleiefaktor.
Tal rom institusjon: korttid/rehabilitering/avlastning	6 rom		01.01.2023	31.12.2023	100 %
Tal rom institusjon: langtid	27 rom		01.01.2023	31.12.2023	100 %
Tal døgn som «overliggar» for Etne sine utskrivingsklare pasientar skal max vera	32 døgn		01.01.2023	31.12.2023	100 % Målast kvar mnd.
Mål for Heimebaserte tenester					
Etne kommune satsar på heimebaserte tenester ved å nytta kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi. Det er eit mål at flest mogleg bur lengst mogleg i eigen heim		4.2			
Etne kommune bør oppretta eit dag-/aktivitetstilbod for heimebuande personar, demens		4.6			
Målordikator					
Minimum antall brukarar av velferdsteknologi som har tatt i bruk:					
o Tryggleikspakken	75 stk		01.01.2023	31.12.2023	100 % Målast kvar mnd. 82 aktive tryggleikspakkar.
o Medisindispensar	20 stk		01.01.2023	31.12.2023	100 % Målast kvar mnd.
o Starte opp med digitalt tilsyn	4 stk		01.01.2023	31.12.2023	100 % Målast kvar mnd
o Lokaliseringsteknologi(Mobil tryggleiksalarm)	6 stk		01.01.2023	31.12.2023	100 % Målast kvar mnd
Kvardagsmeistring - kva er viktig for deg? Evaluera kvardagsrehabilitering og føreslå ny modell for kvardagsmeistring.			01.06.2023	01.11.2023	100 % Ressursar blir nytta til kvardagsrehabilitering og førebyggjande heimebesøk.
Alle 80-åringar får tilbod om førebyggjande heimebesøk	100 %		01.01.2023	31.12.2023	100 %
Belegg i omsorgsbustadar					
o Etne Bustadskiping	19/20		01.01.2023	31.12.2023	100 % Målast kvar mnd
o Gjerdsrabbane burettslag	10/11		01.01.2023	31.12.2023	100 % Målast kvar mnd
o Gjerdsrabbane bufelleskap	5/5		01.01.2023	31.12.2023	100 % Målast kvar mnd
o Heildøgnsbemanna bustad for eldre-Skånevik	12/14		01.01.2023	31.12.2023	100 % Målast kvar mnd. Det er per idag ingen ledige i Skånevik
o Heildøgnsbemanna bustadar for eldre-Etne	7/7		01.01.2023	31.12.2023	100 % Målast kvar mnd
Bemanningsfaktor heildøgnsbemanna bustadar for eldre					
o Grunnbemanning Etne: inkl 3 institusjonsplassar og 1 rom med mellombels auka behov (totalt 10 rom)	0,8		01.01.2023	31.12.2023	100 % Målast kvar mnd
o Grunnbemanning Skånevik: (For 11 rom) 1 helsepersonell i kvar etasje+4 kvelder med PBI.	0,5/0,6		01.01.2023	31.12.2023	100 % Målast kvar mnd. Det har vore for høg grunnbemanning jamfør stillingsbudsjett for 2023. Endring i brukarbehov skulle ført til reduksjon av omlag to årsverk. Fleire årsaker til at dette ikkje blei effektivt.
Bemaningsfaktor dagsenter for innbyggjarar med demens	2 tilsette per dag		01.01.2023	31.12.2023	100 % Dagsenter er ope 4 dagar per veke

Mål for Helse						
Byggja eit godt fagleg tilbod for rusavhengige og familiane deira, der me legg vekt på eit godt tverrfagleg samarbeid mellom einingane.		4.3				
Me skal styrka helsetilbodet til personar med psykiske lidingar og utvikla butilbod.		4.4				
Måleindikator						
Implementering av rutine for koordinerande eining for russaker			01.01.2023	01.04.2023	100 %	Rutine er utarbeida. Implementeringsarbeid igong
Utarbeiding av kompetanseplan for eininga			01.03.2023	01.09.2023	0 %	Overflyttast til 2024 grunna prioriteringar av oppgåver.
Utarbeide modell for smittevernsarbeid i helsestasjon			01.08.2023	31.12.2023	0 %	Overflyttast til 2024 grunna prioriteringar av oppgåver.
Inngå samarbeid med Vindafjord kommune om familieteam			01.01.2023	02.05.2023	100 %	Avtale er inngått. Familieteamet har hatt rekrutteringsutfordringar og dette førte til utsatt oppstart til mars 2024.
Drift av psykisk helseteam for ungdom mellom 12 og 18 år			01.01.2023	01.02.2023	100 %	Måling av månadleg status. Vakans i stilling fra juli og ut året har ført til at innbyggjarar har fått hjelp via helsestasjon og psykisk helseteneste. Tilbud blir gitt i ordinært arbeid av helsestasjon/psykisk helse. Nytt interkommunalt Familieteam erstattar nokre av oppgåvene til teamet.
Gjennomføra "Brukarplanundersøking" for psykisk helse og rus					0 %	Korus har meldt at det vil bli kartlegging i mars 2024
Planleggja for drift av ny heildøgnsbemanna bustad for personar med psykiske helseutfordringar frå 2024					100 %	Måleindikator er feil. Heildøgnsbemanna bustad er på investeringsbudsjett fra 2026.

7. Utvikling og Drift

7.1 Innleiing

På sektoren for Utvikling og drift er det i 2023 utført mange prosjekt, spesielt med tanke på energieffektivisering. Samla ser dette ut til å kunne gje ein svært god effekt over driftsbudsjettet med reduksjon i straumutgifter. Det er og starta opp fleire prosjekt, der blant anna oppgradering av tinghuset har vore i fokus. Kommunen har igjen blitt med i nyskapande aktivitetssanlegg med prosjektet i Etne sentrum.

I eining for drift og vedlikehald er det inngått nye avtalar på brøyting, og det har vore høg aktivitet med tanke på reperasjonar etter uvær. Det vart og sommaren 2023 kartlagt behov for brannordning i Etne brann og redning, og det har vore ein prosess med dette i etterkant som har vore krevjande.

Kommunen har generelt god sakshansamlingstid på til dømes byggesaker noko som er positivt. Vidare vert det no gjort ein god jobb på areal og områder som kommunen ser strategisk verdi av å kjøpe og selje tomter/areal. Det er blant anna oppretta ein eigen portal på heimesida til kommunen for sal av kommunal areal.

7.2 Investering

Følgjande prosjekt vart gjennomført eller påbegynt i 2023:

- Etnesjøen torg- og kaiområde. Reguleringsplan vart arbeida vidare med i 2023. På hausten vart me også plukka ut som eit av fire prosjekt som blir med i Nyskapande aktivitetssanlegg, tilsvarande som for Skakkeringen i 2021/22. Me vil med dette få tilgang til rådgiving, landskapsarkitekt og arkitekt i arbeidet med å ta prosjektet vidare, inkludert gjennomføring av medvirkningsprosess mot framtidige brukarar, naboar, etc. Dette arbeidet startar i mars/april 2024 og me skal arbeide saman med eit av Skandinavias leiande arkitektkontor, White arkitektkontor.
- Rehabilitering av Etne tinghus. Skisser, underlag og oppfølging av forprosjekt (ferdig mars 2024).
- Ombygging/oppussing av kontor/personalgarderobe psykiatri, samt etablering av nytt kontor/møterom helse. Ferdig mars 2024.
- Renovering av 2 stk. og delvis utbedring av 1 stk. kommunal utleigebustad på Gjerdsrabbane.
- SFO ved Skånevik skule er rehabilitert.
- Alle avdelingskjøkkene ved Enge barnehage er fornya.
- Har vært arbeida svært mykje med å bytte til LED belysning i kommunale bygg for å redusere straumkostnadar, som eit klima og energiltak. Største delen av kommunale bygg har nå kun LED belysning, men noko arbeid står att.
- Har arbeida vidare med oppgradering av Etne helsesenter, etter at Vestland fylkeskommune pussa opp sine areal. Felles korridor og hovedinngangsparti er oppgradert.
- Vidareført arbeidet med å kartlegge brannteknisk status ved kommunale bygg. Etne helsesenter, Enge barnehage og D/V sine lokaler er gjennomført i 2023.
- Starta arbeidet med å utbetre branntekniske installasjonar etter gjennomført tilstandsvurdering. Arbeidet som vart starta i 2023 er etablering av brannalarmanlegg (krav om) og revidering av brannteikningar ved Skånevik skule.
- Starta arbeidet med detaljprosjektering av Tøsse småbåthamn. Dette arbeidet blir vidareført i 2024.
- Parkområde ved Skånevik kai er renoverert.

- Starta arbeidet med å utarbeide kyrkjegardsplanar for gravplassane ved Stødle, Grindheim og Gjerde.
- Forsterking og oppgradering av kommunale vegar. I 2023 har ein prioritert Sætervegen og delar av Milja Allè (mot Ligrend) i Skånevik, samt delar av Gamlevegen i Etne.
- Forlenging av fortau ved Etne omsorgssenter for å knytte saman med eksisterande fortau i Holmavegen, samt etablert ny gangsti ved Bustadskipinga.
- Starta arbeidet med detaljprosjektering og utlysing av anbod for Skakkeringen. Arbeid på byggeplass starta på slutten av året og skal ferdigstillast i mai 2024.
- Ferdigstilt arbeidet med å legge nytt dekke på kunstgrasbanen i Etne.
- Starta arbeidet med å etablere ny droppsone for småskulen ved Enge skule. Asfaltering, merking og skilting vår 2024.
- Elles er det gjennomført eit strategisk tomtekjøp for vidare utvikling av Etne sentrum.

7.3 Næring

Etne kommune har i 2023 fortsett fokuset på samarbeid med næringslivsforeiningane. Det har vore gjennomført månadlege møter med Fikse og Medvind. Det har våre fokus på og imøtekomme næringslivet, og være ein støttespelar. Me har sett nye bedrifter etablert seg, mens nokon diverre har valt å avvikle. Næringslunsj på Fønix hotell hadde godt oppmøte i år også, og ein fin anledning til å møte ulike lokale aktørar. I dialog med næringslivet har det kome fram at dei ynskjer ein ressurs i kommunen som har si primærrolle innan næring og reiseliv. Kommunen har ikkje handlingsrom endå til å få til dette. Det er inngått rammeavtale på prosjekt- og byggeleiing som er tiltenkt som støttespelar for utvikling av Fikse næringsområdet. Prosjektet er endeleg i oppstartsfasen etter mange år utan aktiv framdrift.

7.4 Utvikling

Utvikling har i alt 11 årsverk fordelt på følgjande arbeidsoppgåver: Overordna plan inkl. folkehelsekoordinator (1), overordna plan samt miljø (1), byggesak (2), kart og oppmåling (2), landbruk samt viltforvaltning (2), prosjekt (2), leiar inkl. plan og prosjekt (1). Fleire tilsette bidreg i tillegg til egne arbeidsoppgåver inn mot prosjekt.

Overordna planar

Med nytt kommunestyre kjem også krav til revidering av planstrategi. I forkant av slik strategi skal folkehelseoversikta reviderast. Her er oppvekst, kultur, politi, nav, SLT og helse med på å gi kunnskapsgrunnlaget til oversikta. Det er eining utvikling v/ folkehelsekoordinator som koordinerer og samanstiller arbeidet.

- Kommuneplanen sin arealdel (KPA): kom på høyring sommaren 2023. Det vert arbeidd mot 2. gongs handsaming i april 2024.
- Kartlegging av mogeleg kvikkleire: Som del av KPA, vart det hausten 2023 levert aktsemdkart med fokus på tettbygde område. Mange omliggjande kommunar (og kommunar så langt som Senja i Troms) har vist stor interesse for arbeidet.
- Folkehelseoversikta vart sett i gong hausten 2023. Planlagt handsaming i april 2024.
- Trafikktryggingsplan: I 2023 har det vore arbeidsmøte og samling av kunnskapsgrunnlaget. Planen m/tiltaksliste skal handsamast hausten 2024.
- Trafikksikker kommune: Det er inngått intensjonsavtale om å verte trafikksikker kommune, eit arbeid som vert avslutta i løpet av fyrste halvdel 2024.

Reguleringsplanar

Private planar

- Detaljplan for Mortveit molo/småbåthamn i Skånevik vart vedteken mai 2023.

Gebyr for private planar vert sendt ut i forkant av 1. gongs handsaming, og det er difor ingen inntekter på reguleringsplan. Det har til gjengjeld for gjennomført fleire private planinitiativ i løpet av 2022-2023, noko som vil gi inntekter i 2024.

Kommunale planar

- Etnesjøen torg- og kaionmråde vart starta opp i mars 2023. I november 2023 vart det klart at kaiområdet er med i Nyskapande Aktivitetsanlegg i regi av fylkeskommunen. Det betyr at kommunen får tilskot i form av arkitektur som skal sjå på nyskapande måtar å skape aktivitet mellom kai og sjø. White arkitektur har vunne anbodskonkurransen, eit solid arkitektkontor som mellom anna har arbeidd med hamnepromenade i Oslo og Bergen Bystrand.
- Detaljplan for ny permanent bussterminal ved Etne senter er sett på vent av omsyn til oppføring av nytt fortau og gangfelt i området, samt avklaringar knytt til krav om venstresvingefelt. Det ligg ikkje føre økonomisk ramme i regional eller statleg transportplan, og arbeidet har ikkje vorte prioritert.
- Ny droppsona vart ila. 2023 flytta opp til småskulen og i tråd med plan. Droppsona er tilnærma ferdigstilt.
- Den statlege planen for gul stripe mellom Fikse og Mørkeli vart lagt på høyring v/Statens vegvesen november 2023. Etter planen skal den handsamast av Hovudutvalet og kommunestyre i Etne kommune innan sommaren 2024.

Byggesak

Slik det vart rapportert i 2. kvartal, har det i 2023 vore ei nedgang i gebyrinntekter sett i høve til budsjett. Totalt for året vart sjølvkostgraden for byggjesak på 67%, mot 88% året før. Det vart likevel handsama 15 fleire byggjesøknader enn 2022, men betydeleg færre dispensasjonsaker.

Det har vore både utskiftingar, permisjon og bruk av vikarar på byggesaksavdelinga gjennom året som er med på å grunnje nedgangen i inntekter. Det har derimot vore arbeidd godt med ferdigattestar som eit viktig ledd i digitaliseringsarbeidet, og som gir auka inntekter til kommunen i form av eigedomsskatten. Det vart i 2023 gjort ei endring i rutineane, og berre prinsipielle dispensasjonar vert teken opp politisk. Dette har klart effektivisert byggjesaka, både for rådgjevarane, men også for sakshandsamingstida mot kunden. Det er framleis ein låg andel saker levert elektronisk, og svært mange med manglar. Dette vert fokus på framover.

Tabell. Nøkkeltal for byggjesak.

Type sak	Motteke saker	Handsama saker
Rammesøknader	1	4
Eitt-trinns med ansvar	74	61
Eitt-trinns utan ansvar	24	21
Totalt	99	86
Derav e-byggesøknad	19 (19,2%)	
Derav klage på vedtak	3	3
Dispensasjonar	44	31
Sum 2023	143	117
Talet på handsama ferdigattestar		159
Handsama utsleppsløyve		7

Kart og oppmåling

På kart- og oppmåling hamna sjølvkostgraden på 56% mot 71% året før, men likevel ei dobling av prognosen frå august. Auka prioritering av saker som er inntektsgjevande samt naturlege svingingar gjennom året kan vere årsaka til dette. Rekvirerte oppmålingssaker held seg nokolunde jamt. Oppsummering av året syner til at rådgjevarane på kart- og oppmåling nytta mykje tid på saker som ikkje er ein del av sjølvkosten. Prioritering av arbeidsoppgåver som er inntektsgjevande, vurdering av gebyrlegging av nye saker, samt vurdering av prioritet/gjennomføring av statlege krav til ajourføring vert fokusområde framover.

Tabell. Nøkkeltal for kart og oppmåling.

Type sak	Talet på saker
Eigenfråsegn konsesjon (matrikkelføring)	53
Rekvirerte saker matrikkelloven	37
Derav avslutta saker (fakturert)	41

Ikkje sjølvkost:

Endring i matrikkel	21
Retting av eigedomsgrenser	5
Skilt, adresse, namn	12
Rettar, kontrakt, tinglysing, sak, sletting	18
Samanslåing av eigedomar	8
Overføring, frådelling, overdraging	5
Andre saker: HIMs renovasjonsnorm 2023	1
Sum saker som ikkje er gebyrlagt	70

Landbruk

Tilskotsordningane knytt til landbruket, er nokolunde stabilt. Produksjonstilskotet åleine står for fordeling av kring 70 millionar kroner i tilskot til bøndene i Etne kommune. 5 nye konsesjonssaker har vorte handsama, 8 landbruksvegar og 13 jordlovshandsamingar. Sistnemnde er politiske saker som vert handsama av Hovudutvalet. Det har i tillegg vore 7 nydyrkings saker i kommunen, noko som totalt gir eit stadig aukande andel med jordbruksareal i drift.

Også i år ser me økt arbeidspress kring søknadsfristane. Særleg fristane for PT og RMP (257 stk.) som begge har frist innan oktober, og OBB som kjem i tillegg i november. For desse er det kram om tilsyn på 5 og 10 prosent av søknadane, og skal vere ferdig handsama i januar. Det vil for 2024 verte fokus på prioritering og fordeling av ressursane slik at neste års fristar kan gjennomførast utan bruk av ekstern konsulent. Også ressursbruken kring førebuing av politiske saker vil sjåast på, etter modell frå omkringliggjande kommunar.

- Bondens nettverk: I løpet av 2023 har det vorte oppretta kontakt med Norsk Landbruksrådgjeving (NLR) for å kome i gong med Bondens Nettverk. Dette er eit nettverk som skal vere med på å trygge bonden si helse, primært som førebygging av psykisk uhelse.
- Landbrukskonferansen i Etne: I løpet av hausten og vinteren 2023 vart det gjennomført 5 arbeidsgruppemøter blant rekneskapskontor, bankar, Haugaland vekst, FIKSE næringsforeining, bondelaget og småbrukarlaget for gjennomføring av landbrukskonferansen januar 2024. Konferansen gav nesten 240 påmeldte deltakarar i tillegg til 22 stands, og gjekk med solid overskot.

Tabell. Nøkkeltal for landbruk og viltforvaltning.

Type sak	Talet på saker i 2023	Talet på saker i 2022
Produksjonstilskot (PT)	145	145
<i>derav 10% kontroll</i>	15	15
Regionalt miljøprogram (RMP)	111	98
Tilskot til drift av beitelag (OBB)	13	11
<i>derav 5% kontroll (RMP/OBB)</i>	6	5
Tilskot som gjeld skog (ØKS)	2	2
Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	16	12
Sjukdomsavløsning	27	26
Drenering	2	3
Tiltak i beiteområde	7	4
Driftsutbygging, innovasjon Noreg	2	4
Nydyrking	5 (131 daa)	4 (58 daa)
Landbruksveg	8	5
Jordlova §9 (omdisponering av dyrka/dyrkbar jord)	3 (1,9 daa)	2 (2,2 daa)
Jordlova §12 (deling av landbrukseigedom)	9	7
Konsesjonshandsaming	5	7
Eigenfråsegn (matrikkelføring av landbrukseigedom)	18	24

Viltforvaltning

Viltutvalet handsama 12 saker i 2023. Det vart også i år gjort vedtak om bruk av viltfondet til å dekke kostnader til fallviltarbeidet med 150.000,-. Viltfondet får inntekter frå fellingsavgifta, som i 2023 stod for 140.160,-.

Tabell. Nøkkeltal for viltforvaltninga.

Type sak	Talet på saker
Søknad om skadefelling	5
Godkjenning av hjorteviltvald	2
Fellingsløyve	1
Klagesak	3
Andre saker (endring av areal til fjellgruppe)	1
Søknad om dispensasjon frå minsteareal	22
Søknad om endring i kvoter	2

Tabell. Nøkkeltal for fellingsløyve og felte dyr.

	Fellingsløyve hjort	Fellingsløyve rådyr	Fellingsløyve elg	Felt hjort	Felt rådyr	Felt elg
Sum 2023	697	227	1	555	52	0
Prosent felt				79,63 %	22,91 %	0,00 %

Veterinærvakt

Kommunen er lovpålagt å ha veterinærvakt for stordyr. I 2023 vart det gitt tilskot for veterinærvakta på over 780.000,-, samt stimuleringsstilskot på 135.000,-. I tillegg er det gitt etablerartilskot frå Etne kommune på 100.000,-. Samla utgift på veterinærvaktordninga er i overkant på ein million. Det er rammeavtale på 3 veterinærar i 2023.

Etne kommune er medlem i Smådyrvakta på Haugalandet. I løpet av 2023 har dagens ordning etter kvart vorte svært dyr, særleg for dei største kommunane (fordelt på innbyggjartalet). Det er gjort eit arbeid mellom medlemskommunane om å leggje ordninga ut på anbod.

Miljø

EU sitt vassdirektiv fører til at kommunane må ha betre kontroll på utsleppa sine. For eining utvikling vert det særleg viktig å få kontroll på utsleppa frå private avløpsanlegg. Etne kommune har over 1500 slike anlegg som potensielt kan føre til forureining dersom dei er defekte. Det har i 2023 vore arbeidd med kartlegging av situasjonen, inkl. deltaking i nettverk og eit demotilsyn. Det vart difor vedteke endring i gebyrhefte for å kunne gjennomføre den lovpålagte tilsynsfunksjonen på spreidde avløp. Oppstart av arbeidet vil skje i løpet av 2024.

Nært knytt til arbeidet med lokalisering av mogeleg forureining frå spreidde avløp, ligg tilstandskartlegging av elvar og resipientundersøking av sjø. Etne kommune var i 2023 med i eit pilotprosjekt for rydding av Etnevassdraget. Totalt vart ca. 660 kg avfall fjerna frå vassdraget og levert til godkjent mottak i Etne. Som del av registreringa vart det gjort funn av ein del villfyllingar. Desse er kjelder for forureining, og fleire av desse er latar til å vere i bruk.

Ivaretaking av økologiske funksjonar ved å hindre forureining og ved å oppretthalde kantvegetasjon er viktige fokusområde på miljø framover.

Tabell. Nøkkeltal for miljøraker.

Type sak	Talet på saker
Motorferdsle i utmark	8
Fråsegn til konsesjon etter energilova (vasskraftanlegg)	4
Uttale til endring av anleggslokalitet (akvakultur)	1

7.5 Samferdsle

Kommunen har ansvar for 34 bruer, og det blei i 2020 tatt ein tilstandsrapport på desse. I 2023 har det vært arbeidet med prosjekt for oppgradering av Lurasund gamle og nye bru, samt Miljateig bru. Sjølv om ein tidleg på nyåret starta prosjektet, klarte ein ikkje å nå målet med gjennomføringa i budsjettåret.

Oppgradering av kommunal veg blei gjennomført på Sætervegen, Milja Allè (bak Skånevik skule), delar av Gamleveien. Muring Eikanes. Utbetring Fitjafeltet, muring i sving og asfaltering av Kaldheimsvegen. Her blei det også grøfta, fikse kummer og stikkveiter, lagt geo-nett som forsterkar vegdekke nokon stader.

Elles har ein tømt sandfangkummar, utført kantklipp, årskontroll bruer, kosta vegar og elles vanleg vedlikehald. Ein snørrik vinter har ført til høge brøytekostnader og mykje uver har ført til skade på fleire kommunale vegar.

Den kommunale vegen ved Litledalsvatnet vart og oppgradert i samarbeid i SKL.

7.6 Bygg

Vedlikehaldsbudsjettet for bygg har våre ein stor utfordring for å kunne driva verdibevarv vedlikehald, med bevilling om ekstra pengar er det fleire tiltak som blir iverksett.

Følgande tiltak utført:

Oppgradering heis Skånevik omsorgssenter
Varmepumpe Bufellesskapet – ferdigstillast i 2024
Varmepumpe Enge barnehage – ferdigstillast i 2024
LED-lys bygg – ferdigstillast i 2024.
Nøkkelkort, Bufellesskapet og Skv. omsorgssenter (ikkje komplett)
Utvendig maling av Enge barnehage + garasje kunsten, spyling av nokre bygg, renovert og malt Skånevik silanlegg
Vurdering av solcelle på tak Enge skule, samt prosjektering av takbyte
Anskaffing av robotklippare 1 stk Skv stadion og 1 stk Etne stadion, doktorhagen Skv og ny grasklippar grønt
Oppdatering og nyetablering av brannalarmer bygg, FG – godkjente alarmer der det var avvik
Kunstgras fotballbinger og grusbaner skuler - gjenbruk
Ladestasjon for el. Bil 2 stk D/V
Langfoss –. Ferdigstilt 2023
Oppgradert diverse utstyr og verktøy
Energiattest bygg drift og vedlikehald
Etne omsorgssenter oppfølging reklamasjonar – krevjande. Avvik i forhold til velferdsteknologi og dørmiljø. Konkludert med at eininga gjer byggenæringar i egen regi i løpet av 2024.
Symjebasseng tiltak div. teknisk utstyr


Drift har bidratt på fleire prosjekt på bygg, ombygging bemanna bu, oppgradering legesenter, oppgradering utleigebustader, 5 stk kjøkken Enge barnhage, Sfo Skånevik skule, gjenbruk av kunstgras i Etne og Skånevik i godt samarbeid med andre.

Straumsparingstiltak kommunale bygg gir god effekt. Året har vært prega en ein del hendingar utan om vanleg drift og difor ein del avvik i løpet av året som har blitt handtert. Den største utfordringa er tak som lek og eit symjebasseng som har for lengst passert si levetid. Dette har ført til periodevis stenging. Krevjande tider med sein respons frå fagfolk. Bestilling av utstyr og konsulent bistand tek lengre tid enn vanleg.

Årsoversikt utrykkingar:


2016	148
2017	97
2018	105
2019	122
2020	85
2021	126
2022	134

Auke hendingar på vatn i 2023 skyldast hovudsakleg svikt på gammalt teknisk anlegg. Gammalt UV anlegg som ikkje kan skaffast deler til, større ombyggingsarbeid måtte utførast og ein måtte drive manuell oppfølging av vassproduksjon.




Avvik rapportert i Compilo i 2023 55 stk.

Systemet LAFT fungerer bra: Systemet gir oss god oversikt over dokumenter og innmeldte arbeidsordrar på kommunale bygg. Det er framleis fleire som melder saker på e-post, eller ringer om det haster.



I 2023 blei det handterte ca. 3593 faktura i driftsbudsjettet.

Programmet House of control er det lagra ein god del avtaler som eininga administrerer.



Saker handtert administrativt vart totalt 651, gjeld fleire fagområde.

7.7 Etne brann og redning


Etne brann og redning Etne brann og redning (EBR) er kommunens viktigaste rednings og beredskapsressurs. Det vert stilt strenge krav til kompetanse, god kunnskapsutvikling, brannstasjonar og materiell innan beredskap, førebygging, feiing, handtering av hendingar og samvirke med andre beredskapsaktørar.

Det overordna målet med brann og redningstenesta er å yte gode tenester for kommunen sine innbyggjarar med spesielt søkjelys på god beredskap og godt førebyggjande arbeid. Dette inneber at ein satsar på kompetanse gjennom målretta opplæring, og at det vert etablert gode rutinar for oppfylging og identifisering av risikoar i kommunen. Brannvesenet har som formål å dekke kommunen sine plikter, oppgåver og behov etter brann og eksplosjonsvernlovgevinga, i ulykkes og katastrofesituasjonar og ved akutt forureining. Oppgåvene er av både førebyggjande og beredskapsmessig art.


EBR er organisert med to brannstasjonar, 28 mannskap i beredskap og 2 årsverk administrativt, og det vert jobba aktivt med førebyggjande arbeid for å førebyggja og redusera konsekvensen av brann, ulykker og andre uønskte hendingar. Det har i 2023 vore en gjennomgang av særskilde brannobjekt, informasjon og motivasjonstiltak, deltaking på kampanjar og arbeid saman med samarbeidspartnarar som yter tenester mot risikoutsette grupper.

For beredskapen har det vore utarbeidd årsplan for øvingar, vedteke kompetanseplan, vedteke prosedyrar og funksjons beskrivingar saman med representantar for fagforeining og verneteneste, og det er starta arbeid med å heva kompetansen for både mannskap og befal.

Figur under syner kva oppdrag Etne brann og redning har rykka ut på i 2023.



Figur under syner kvar oppdraget fann stad. Ut i frå kartet kan ein sjå at oppdraga ligg nokså sentralt ift. brannstasjonane si plassering.



I juni 2023 blei det vedtatt ein ny brannordning for EBR, og brannordninga byggjer på ROS-, beredskap- og førebyggjande analyse. I analysane vert det identifisert ein del tiltak som EBR må setje i verk for å oppfylle krav i brann og redningsvesenforskrifta og på grunnlag av den risikoen som er i kommunen. På bakgrunn av vedtatt brannordning er det utarbeidd eit investeringsdokument som viser kva utstyr EBR må ha for å kunne yte bistand på ein forsvarleg og sikker måte iht. lovar og reglar.

Det er i tillegg til investering behov for å auke budsjettamma innanfor drift som følgje av den nye brannordninga. Det er kartlagt at EBR må auke vaktberedskap i Skånevik, auke tal på øvingstimar, samt auke mannskapstyrken ved å tilsetje nye konstablar. Det må også setjast av midlar til det førebyggjande arbeidet, då analysane har kartlagt behov for leiar førebyggjande i 50% stilling. I Skånevik sentrum er det tett trehusbebyggelse, kvar mange av bustadane/fritidsbustadane truleg er verna og har ei kulturhistorisk verdi. Det må setjast av midlar til ein prosjektstilling slik som analysane har kartlagt for å ta i vare kulturhistoriske verdiar i sentrum av Skånevik.

7.8 Budsjett aksjonar

MÅL	Måltall	Kommuneplan	Startdato	Slutt dato	Status	Kommentar
Drift og Utvikling						
Auka grad av vedlikehald på bygg mot verdibevarande vedlikehald		<i>pkt 9.2</i>				Kommunen har etterslep på vedlikehald av offentlege bygg.
Arbeide for redusert energiforbruket i kommunen på eksisterande objekt eller bygg		<i>pkt 9.3</i>				Det vert sett på forskjellige tiltak pdd.
Arbeida aktivt for god kommunikasjon og gjennomføring saman med næringslivet		<i>pkt 1.3/5.4</i>				
Arbeida for at reiselivsnæringa snakkar saman og klarer å samordna ei informasjonsside om kva tilbod der er i Etne kommune til ei kvar tid.		<i>pkt 5.5</i>				Kommunen er per i dag ein aktiv støttespelar, og har gjennomført møte med aktuelle akørar (Åkrafjorden oppleving bla.). Desse møtene har høg prioritet.
Være imøtekommande og yte gode teneste for brukarar og innbyggjarar						
Inkludere folkehelse i nye prosjekt		<i>pkt 1.2</i>				
Kommunan skal vera aktivt med å leggja til rette for, og støtta opp om kultur og idrettsarrangement.		<i>pkt 3.3</i>				Samarbeid, tilretteleggja og sørgje for at idrettsanlegg er godt ivarteke
Måindikator						
Ha ein offentlig analyse som klargjer risiko for skred, slik at privatpersonar i stor grad slepp å bestille slik analyse sjølv	Innan 31.12.23	<i>pkt 6.2/10.8</i>			80 %	Prosjektet har ei god framdrift og er forventa ferdigstilt i løpet av året.
Vedta ny kommuneplan, arealdel	Innan 31.12.23	<i>pkt 10.16</i>			90 %	Kommuneplanen er sendt ut på høyring.
Utføra aktive klima eller energieffektiviseringstiltak i kommunen	Innan 31.12.23	<i>pkt 9.3</i>			100 %	Det er sett i gang ei stor utskifting til ledlys som er fyrste prioritet. Dette gjeld både bygg og gatelys. Framdrift som forventa med dei kostnadsramme på omlag 4MNOK for året som vil gje oss ein gevinst på sikt.
Kommunen skal redusera energiforbruket sitt, og starta opp arbeid med klimabudsjett	Innan 31.12.23	<i>pkt 9.2</i>			40 %	Klimabudsjett er ikkje på plass, men det er iverksett veldig mange tiltak for reduksjon i energiforbruk.
Fortsetja arbeid med skogbruksplan	Innan 31.12.23	<i>pkt 5.6</i>			40 %	Ein del skogeigarar i EK har meldt seg på for taksering av eigen skog. Prosjekt i samarbeid med Statsforvaltar, inkl. konsulent og tilskot.